

Opo flaumkraftverk

Konsesjonssøknad og konsekvensutgreiing



NVE
v/ Konesjonsavdelinga
Postboks 5091, Majorstua
0301 Oslo

Stord 16.11.2017
Dykkar ref.
Vår ref. 138966/1
Arkivnr.
Saksbehandler Magne Andresen
Sider 2

Søknadsbrev konsesjonssøknad Opo flaumkraftverk

Nedre del av Opo-vassdraget er flaumutsett. Dette gjev høge vasstander i Sandvinvatnet og svært store vassføringar i elva Opo. Odda kommune og Sunnhordland Kraftlag (SKL) inngjekk i 2015 ein samarbeidsavtale med mål om å realisera eit flaumkraftverk i Opo.

Opo-vassdraget vart verna i verneplan I i 1973. Stortinget vedtok 7. desember 2016 at NVE kunne handsame ein søknad frå SKL om eit kombinert flaumverk og kraftverk i Opo.

Opo flaumkraftverk består av ein flaumtunnel frå Sandvinvatnet til Sørfjorden med kapasitet på 500 m³/s. Lukene i flaumtunnelen vert opna ved flaumvassføringar i vassdraget, slik at vasstanden i Sandvinvatnet og vassføringa i Opo vert redusert. For å finansiera utbygging og drift av flaumtunnelen vert det etablert eit kraftverk med slukeevne 75 m³/s og effekt på 55 MW i tilknytning til flaumtunnelen. Flaumtunnel og kraftverk ligg i fjellet vest for Odda sentrum. Sandvinvatnet får ei regulering på 0,9 m, mellom kote 86,5 og 87,4.

Årsproduksjonen i kraftverket er 170 GWh/år og utbyggingskostnaden er rekna til 600 mill. NOK. Det er ein føresetnad for utbygging at prosjektet er bedriftsøkonomisk lønnsamt for SKL, slik at kraftverket evner å finansiere flaumtunnelen.


Me viser til vedlagde planar og søkjer om løyve:

- **Etter lov om vassdrag og grunnvann (vassressurslova) §8 vert det søkt om løyve til å:**
Bygge Opo flaumkraftverk etter dei framlagde planane
- **Etter lov om erverv av vassfall mv. (vannfallskonsesjonslova) §1**
Erverve naudsynte rettar til vassfallet i Opo
- **Etter lov om produksjon, omforming, overføring, omsetning, fordeling og bruk av energi m.m. (energiloven) §3-1 vert det søkt om løyve til å**
Bygge og drive Opo flaumkraftverk med tilhøyrande elektriske anlegg

- **Etter lov om oreigning av fast eigedom (oreigningslova) §§ 2 og 25 vert det søkt om:**
Oreigning av naudsynte rettar og stemning til offentleg skjønn ved kunngjering, dessutan løyve til å ta rettane i bruk før skjøn er halde. Oversikt over rettar og eigedomstilhøve er vist i søknaden
- **Etter lov om forureining og om avfall (forureiningslova) §11 vert det søkt om:**
Naudsynte utsleppsløyve

Me voner konsesjonssøknaden med tilhøyrande konsekvensutgreiing tilfredsstillar styresmaktene sine krav.

Med helsing
SUNNHORDLAND KRAFTLAG AS

A handwritten signature in blue ink, reading 'Magne Heimvik', written over a horizontal line.

Magne Heimvik
Adm.dir

Samandrag

Søknaden gjeld etablering av ein kombinert flaumtunnel og vasskraftverk i Opo i Odda kommune, Hordaland fylke. Etter flaumen i Odda i oktober 2014 inngjekk Sunnhordland Kraftlag (SKL) og Odda kommune ein samarbeidsavtale med mål om å realisera eit flaumkraftverk for å gje ei varig flaumsikring av Opo gjennom Odda sentrum og områda rundt Sandvinvatnet.

Tiltaket

Tiltaket ligg samla i og ved Odda sentrum. Flaumtunnelen er 2,6 km lang, og går frå Sandvinvatnet på kote 87 til Sørfjorden. Kapasiteten til flaumtunnelen er $500 \text{ m}^3/\text{s}$. For å finansiera utbygging og drift av flaumtunnelen vert det etablert eit kraftverk med slukeevne $75 \text{ m}^3/\text{s}$ og effekt på 55 MW. Årleg kraftproduksjon vert 170 GWh. Flaumtunnel og kraftverk ligg i fjellet vest for Odda sentrum. Sandvinvatnet får ei regulering på 0,9 m, mellom kote 86,5 og 87,4. Dette er innanfor naturleg vasstandsvariasjon, og gjev eit volum på 3,9 mill. m^3 . Det vert etablert ein terskel ved utlaupet av Sandvinvatnet.

Dei mest synlege inngrepa av tiltaket er, i tillegg til redusert vassføring i Opo, dei tre massedeponia. Det er føreslått to deponi i Sørfjorden og eit i Sandvinvatnet. Desse er utarbeidd i samråd med Odda kommune og gjev auke i areal nær bykjernen.

Utbyggingskostnaden er rekna til 600 mill. NOK.



Drift

Anlegget vert drifta slik at det alltid vert sleppt minstevassføring. Dersom tilsiget er lågare enn kravet til minstevassføring vert heile tilsiget sleppt i Opo. Ved høgare tilsig vert Sandvinvatnet nytta som eit dempingsmagasin og vassmengda som overstig minstevassføringa går gjennom kraftverket. Når tilsiget overstig slukeevna til kraftverket vert det overlaup på terskelen ved utlaupet av Sandvinvatnet og vatnet går ut i Opo.

Når vasstanden i Sandvinvatnet kjem opp i kote 88,3 vert flaumlukene opna, slik at vasstanden ikkje aukar vidare. Vassføringa som går over terskelen og vidare i Opo er då om lag $150 \text{ m}^3/\text{s}$. Flaumlukene vert opna gradvis ved aukande flaum, helt til maksimal kapasitet på om lag $500 \text{ m}^3/\text{s}$. Samla vassføringa ut av Sandvinvatnet gjennom flaumtunnel og i Opo er då om lag $650 \text{ m}^3/\text{s}$, og vasstanden i Sandvinvatnet er framleis på kote 88,3. Ved ei vidare auke i vassføringa vil vasstanden i Sandvinvatnet stiga og vassføringa i Opo auka.

Positive konsekvensar

- Tiltaket gjev kontroll på vasstanden i Sandvinvatnet opp til 100-årsflaum, og gjev monaleg reduksjon i flaumvasstandane for dei større flaumane
 - Tiltaket sikrar busetnad rundt Sandvinvatnet mot ein 200-årsflaum inklusive 40 % klimapåslag
 - Tiltaket reduserer konsekvensane av dei mindre og hyppige flaumane
- Flaumtunnelen får kapasitet til å redusere vassføringa i Opo med $500 \text{ m}^3/\text{s}$
 - Saman med NVE si pågåande flaumsikring av Opo, sikrar tiltaket Odda sentrum mot ein 1000-årsflaum inklusive 40 % klimapåslag
- Valt flaumsikringsløyising er ei robust løyising
 - Løyisinga krev ingen førebuingar eller mobilisering i forkant av ein flaum
 - Løyisinga kan handtera langvarige flaumsituasjonar
- Kraftverket gjev 170 GWh/år i ny fornybar energiproduksjon
- Kraftverket finansierer utbygging og drift av flaumverket. Flaumverket vil difor ikkje belasta offentlege budsjett.

Redusert flaumvasstand i Sandvinvatnet og flaumvassføring i Opo sikrar eigedom, bygnader og infrastruktur for offentlege og private. Dette kjem tydlegast fram ved dei store flaumane, men tiltaket reduserer også konsekvensane av dei mindre flaumane som kjem oftare. I tillegg til den reint faktiske sikringa kan tiltaket også gje ein opplevd tryggleik for bebuarar i Odda. Tiltaket er også vurdert til å kunne ha visse positive konsekvensar for enkelte deltema knytt til naturmiljø

Negative konsekvensar

- Vassføringa i Opo på ein strekning på 2,3 km gjennom Odda sentrum vert i gjennomsnitt redusert til om lag 30 % av dagens vassføring. Dette er primært ein negativ konsekvens for landskapsopplevinga av Opo. Konsekvensen for akvatiske forhold er vurdert til å vera liten.
- Grunna Odda si industrihistorie er det fleire diffuse forureiningskjelder langs Opo. Ved redusert vassføring i Opo vert resipientkapasiteten redusert.

For alle temaa knytt til naturmiljø er konsekvensane vurdert til liten negativ eller ubetydeleg.

I anleggsfasen er problemstillingar knytt til at anleggsarbeidet vil vera nær Odda sentrum, peikt ut som den største negative konsekvensen.

Avbøtande tiltak

Det er føreslått ei rekkje avbøtande tiltak, både i anleggsfasen og driftsfasen. Nokre av dei mest sentrale vert nemnd her:

- I anleggsfasen er det naudsynt med tiltak for å redusera dei negative konsekvensane av anleggsarbeida i og nær Odda sentrum. Dette vil mellom anna omfatta:
 - Fastsette grenser for natt- og helgearbeid
 - Fysisk sikring av anleggsområde
- Slepp av minstevassføring heile året, varierende mellom 5 og 20 m³/s
- Etablering av fisketrapp i Eidesfossen

Verna vassdrag

Opo-vassdraget vart verna i verneplan I i 1973, og det er i utgangspunktet ikkje løyve til å handsame ein søknad om bygging av vasskraftverk i verna vassdrag. Stortinget vedtok 7. desember 2016 at NVE kunne handsame ein søknad frå SKL om eit kombinert flaumverk og kraftverk i Opo.

Tiltaket ligg konsentrert om Odda sentrum, gjev ei varig flaumsikring og verneverdiane som ligg til grunn for vernet vert berre i liten grad påverka. I tillegg er dei negative konsekvensane for natur- og miljøforhold avgrensa,. Tiltakshavar meiner difor at vilkåra for å gje løyve til tiltaket sett opp mot vernebestemmelsane er oppfylt.

Framdrift

Framdrift	2017	2018	2019	2020	2021
Høyring og handsaming av konsesjonssøknad					
Planlegging og prosjektering					
Bygging og prøvedrift					

Det er ein føresetnad for utbygging av flaumverket at prosjektet er bedriftsøkonomisk lønnsamt for tiltakshavar, slik at kraftverket evner å finansiere flaumtunnelen. Tiltakshavar søker difor om løyve til tiltaket med dei føreslegne avbøtande tiltaka.

Innhold

1	Presentasjon av tiltakshavaren	7
1.1	Tiltakshavar.....	7
1.2	Samarbeid med Odda kommune.....	7
2	Grunngjeving for tiltaket	8
2.1	Innleiing	8
2.2	Bakgrunn.....	8
3	Geografisk plassering av tiltaket og skildring av området	10
3.1	Geografisk plassering.....	10
3.2	Inngrep i området.....	12
3.3	Landskap og natur i området.....	15
4	Teknisk plan.....	16
4.1	Skildring av tiltaket	18
4.2	Elektromekaniske installasjonar	32
4.3	Nettilknytning	34
4.4	Driftsopplegg	35
4.5	Geologi.....	37
4.6	Endringar i høve til meldinga.....	37
4.7	Alternativ	37
5	Hydrologi og tilsig.....	42
5.1	Hydrologisk grunnlag.....	42
5.2	Verknad på vasstands- og vassføringstilhøve.....	45
5.3	Flaumtilhøve	60
5.4	Klimaendringar	64
6	Forslag til manøvreringsreglement	66
7	Arealbruk og eigedomstilhøve	67
7.1	Arealbruk	67
7.2	Eigedomstilhøve	68
8	Kostnadsoverslag.....	69
9	Flaum- og produksjonsutrekningar	70
9.1	Flaum	70
9.2	Produksjonsutrekningar	72
10	Samfunnsmessige fordelar	73

10.1	Flaumsikring	73
10.2	Andre tilhøve.....	73
11	Tilhøvet til offentlege planar	74
11.1	Verneplanar	74
11.2	Nasjonalt laksevassdrag	75
11.3	Tilhøvet til fylkeskommunale planar.....	75
11.4	Tilhøvet til kommunale planar	75
11.5	Vassforskrifta	76
11.6	Tilhøvet til andre kraftanlegg og prosjekt.....	76
12	Nødvendige løyve frå offentlege styresmakter	77
12.1	Konsesjon etter vassressurslova § 8	77
12.2	Konsesjon etter energilova § 3-1	77
12.3	Konsesjon etter vassfallskonsesjonslova § 1	77
12.4	Oreigningslova §§ 2 og 25.....	77
12.5	Forureiningslova § 11.....	77
13	Framdriftsplan og sakshandsaming	78
13.1	Orienterande framdriftsplan	78
13.2	Lovgrunnlag og saksgang	78
14	Verknad for miljø, naturressursar og samfunn	80
14.1	0-alternativet (null-alternativet).....	80
14.2	Hydrologi og flaum.....	81
14.3	Landskap	84
14.4	Terrestrisk naturmiljø og naturens mangfald	88
14.5	Akvatisk naturmiljø og naturens mangfald.....	91
14.6	Marine tilhøve.....	96
14.7	Kulturminner og kulturmiljø	98
14.8	Forureining og vasskvalitet	100
14.9	Naturressursar	104
14.10	Samfunn, reiseliv og friluftsliv.....	107
15	Avbøtande tiltak	112
15.1	Anleggsfase	112
15.2	Driftsfase	113
16	Samanstilling av konsekvensar og vurdering av tiltaket	114

16.1	Konsekvensvurdering av anleggsfasen	114
16.2	Konsekvensvurdering av driftsfasen	116
16.3	Forholdet til verneplan	118
16.4	Vurdering av samla belastning.....	118
17	Tiltakshavar si tilråding om val av alternativ.....	120
18	Forslag til program for nærare undersøkingar og overvaking	121
19	Vedlegg til søknaden	122

1 Presentasjon av tiltakshavaren

1.1 Tiltakshavar

Tiltakshavar er Sunnhordland Kraftlag AS (SKL), som er eit kraftselskap med føremål om å eiga, driva og utvikla vasskraftressursar. SKL eig og driv ei rekkje kraftverk i Sunnhordland og på Haugalandet, der den største produksjonen er lokalisert til Blådalsvassdraget i Kvinnherad og Etne kommunar og i Litledalen i Etne kommune. Vidare eig SKL 8,75 % av driftsklar maskinkapasitet i Sima kraftanlegg i Eidfjord, samt 2,54 % i Ulla-Førre-anlegga. SKL eig også 15 % av aksjane i AS Saudefaldene. Vidare eig SKL, åleine eller saman med andre, ei rekkje småkraftverk, hovudsakleg i området mellom Bjørnefjorden og Boknafjorden. Samla yting er om lag 700 MW, og årsproduksjon utgjer 2,6 TWh.

SKL er eit selskap med regionale eigarar. Dei største eigarane er Haugaland Kraft AS (43,19 %), BKK AS (33,77 %) og Finnås Kraftlag SA (10,14 %). Dei resterande aksjane eig Fitjar Kraftlag SA, Fjelberg Kraftlag SA, Tysnes Kraftlag SA og Stord kommune. Selskapet har hovudkontor på Stord og om lag 60 tilsette.

Sunnhordland Kraftlag AS
Org. nr: NO 916 435 711
Lønningsåsen 2
Postboks 24
5401 Stord

1.2 Samarbeid med Odda kommune

Til grunn for tiltaket ligg ein samarbeidsavtale mellom Odda kommune og SKL. Partane har mål om å realisere eit flaumkraftverk i Opo for å flaumsikre Sandvinvatnet og gje auka flaumsikring til Opo. Odda kommune har i tråd med avtalen vore involvert i å finne eigna plasseringar for massedeponi. I tillegg har partane hatt dialog om tekniske løysingar og moglege problemstillingar. Tiltakshavar, SKL, står aleine ansvarlig for innsendt konsesjonssøknad.

2 Grunngeving for tiltaket

2.1 Innleiing

Denne søknaden gjeld bygging av eit kombinert flaum- og kraftverk som skal tryggja tettstaden Odda og områda rundt Sandvinvatnet mot framtidige flaumar. For å avgrensa både flaumvassføringa i Opo og flaumstigninga i Sandvinvatnet vurderer tiltakshavar ein flaumavleiingstunnel til å vera den beste løysinga. Ei slik løysing er svært robust ved at den kan handtera store flaumvassføringar utan avgrensingar i tid og utan behov for førebuingar. Løysinga handterer difor langvarige flaumar like godt som plutslege og overraskande flaumar.

Flaumverket består av ein flaumtunnel som skal avleie flaumvatn frå Odda sentrum. For å kunna finansiera flaumverket, vert det planlagt eit kraftverk i tilknytning til flaumverket. Utan kraftverket slik det er presentert i søknaden med føreslegne avbøtande tiltak, kan ikkje tiltakshavar realisera flaumverket.

Sidan Opo-vassdraget er verna gjennom Verneplan I (1973), måtte Stortinget vurdere spørsmålet om å opna for konsesjonshandsaming i nedre del av vassdraget. I samband med dette utførte tiltakshavar ein forstudie for å verifisere at tiltaket er gjennomførleg teknisk og økonomisk. Regjeringa la 28. oktober 2016 fram ein proposisjon med forslag om å opna for konsesjonshandsaming (Prop. 11S (2016-2017)), noko Stortinget vedtok 7. desember 2016. Tiltaket er i tråd med det som vart lagt til grunn for Stortingets vurdering.

2.2 Bakgrunn

Opo-vassdraget har årlege flaumvassføringar av varierende storleik. Strekninga frå sørenden av Sandvinvatnet til fjorden har tett busetnad, landbruksområde og infrastruktur som er truga i flaumsituasjonar. Særleg områda rundt Sandvinvatnet er nærast årleg utsett for flaumar som går innover dyrka mark og trugar bygningar og infrastruktur.

I oktober 2014 vart Odda ramma av ein stor flaum, som følgje av 3-4 døgn med store nedbørmengder. Flaumen kulminerte 28. oktober med ei største vassføring på 778 m³/s. Høg vasstand i Sandvinvatnet og store vassmengder i elva Opo gav ein dramatisk situasjon med full beredskap i Odda. Fleire vegar vart stengde, 75 personar vart evakuert frå bustadane sine og 15 personar vart huslause (NVE Rapport 36, 2016, Naturfareprosjektet). I NVE Rapport 11, 2015, Flommen på vestlandet oktober 2014, er skadeomfanget omtalt:

Fem boliger ble tatt av elven. Ytterligere to sto i fare for å bli tatt. Mange hus fikk betydelige vannskader, likeså flere forretningsbygg. Veinettet led betydelig skade. Opoveien ble spesielt rammet hardt. RV 13 ble skadet sør for Odda. Broen på riksveien over Opo ble skadet. Veien ble delvis åpnet etter et par dager med dirigering av trafikken. Vann og kloakknettene ble skadet. En rutebuss ble tatt av elven. Broen over Opo til Hjøllo ble ødelagt av elven.

I tillegg opplyser Odda kommune at eit hus måtte rivast på grunn av store skader. Ved Sandvinvatnet vart 85 bygningar skada, 24 av desse var våningshus. Det samla

kostnadsoverslaget for skadar, berre på kommunal infrastruktur, inkludert reparasjon av el-anlegg og miljøverdiar (fiske, landskap, bymiljø), er på om lag 130 millionar kroner.

Opo ligg i eit område der klimaframskrivingane er venta å gje stor auke i flaumvassføringar fram mot 2100, og det er tilrådd å bruka eit klimapåslag på inntil 40 % på utrekna flaumvassføringar. Flaumen i 2014 vert rekna til å ha eit gjentaksintervall på om lag 200 år. Med eit klimapåslag på 40 % vil ein tilsvarande flaum få eit gjentaksintervall på om lag 30 år.

Rettleiing om tekniske krav til byggverk fastsett i medhald av Plan- og Bygningslova, (TEK17) omfattar mellom anna krav om sikring mot naturpåkjenningar, inkludert sikring mot flaum. I følge rettleiaren skal byggverk for sårbare samfunnsfunksjonar og byggverk der overfløyming kan gi stor forureining på omgjevnadane sikrast mot flaum med 1000 års gjentakingsintervall. Dette gjeld til dømes byggverk for særleg sårbare grupper av befolkninga (t.d. sjukeheim), byggverk som skal fungere i lokale beredskapssituasjonar (t.d. sjukehus, brannstasjon, politistasjon, sivilforsvarsanlegg, og infrastruktur av stor verdi for samfunnet) og avfallsdeponi der overfløyming kan gi ureiningsfare. På grunn av forventna klimaendringar vil det som ved dagens klima er rekna til ein 1000-årsflaum i framtida med 40 % klimapåslag, verta ein 100-årsflaum. NVE er i gang med flaumsikringstiltak i Opo, og tek sikte på å sikra området langs Opo gjennom Odda sentrum mot 200-årsflaum med 40 % klimapåslag. Det vil sei at desse tiltaka ikkje oppfyller krava i TEK17 til sikring mot skadeflaum med omsyn til byggverk for sårbare samfunnsfunksjonar.

Områda ved sørenden av Sandvinvatnet er svært flaumutsett. Skadeflaumen i oktober 2014 førte til naturskade på mange næringsbygg og bustadhus i dette området. Tiltaka som vert gjennomført av NVE med omsyn til flaumsikring av Opo har ikkje flaumdempande effekt i Sandvinvatnet. Områda kring vatnet vil difor vera like utsett for skadeflaum som i dag.

Odda kommune og SKL har difor inngått ein avtale om å arbeida fram eit felles, heilskapleg forslag til flaumsikring av Sandvinvatnet og Odda sentrum. Etablering av ein flaumtunnel mellom Sandvinvatnet og Sørfjorden parallelt med Opo er vurdert til å vera det mest robuste alternativet for flaumsikring av både områda kring Sandvinvatnet og Odda sentrum. For å kunna finansiera og dermed realisera ein slik flaumtunnel, vert det søkt om å etablere eit kraftverk i kombinasjon med tunnelen.


3 Geografisk plassering av tiltaket og skildring av området

3.1 Geografisk plassering

Tiltaket ligg i Odda sentrum i Odda kommune, Hordaland fylke (Figur 3.1). Tiltaksområdet er avgrensa og flaumtunnel samt kraftverk skal etablerast i fjell, med dykka inntak nord i Sandvinvatnet og utlaup inst i Sørfjorden. Influensområdet for tiltaket varierer noko med omsyn til fagtema, men omfattar generelt heile Sandvinvatnet, Odda sentrum, samt indre delar av Sørfjorden, ut til Eitrheimsneset (Figur 3.2).



Figur 3.1 Oversiktskart. Plassering av tiltaket er markert med svart ring. Kart frå Kilden (NIBIO)



Figur 3.2 Oversiktskart over tiltaks- og influensområde. Kart frå Kilden (NIBIO)

3.2 Inngrep i området

Som nemnd ligg heile tiltaket i Odda sentrum. Det inneber at det er mellom anna bustader, kontor- og næringslokale og vegar i området. I tillegg er Odda og Indre Sørfjorden eit industrisamfunn knytt opp mot vasskraft og gode hamnetilhøve. Byen ber preg av omfattande og tydelege utbyggingar (Figur 3.6). Fabrikkbygningar og industriverksemd pregar hamna og det bynære biletet. Rv 13 går gjennom Odda sentrum og kryssar elva Opo to stadar, nede ved hamna og oppe ved Sandvinvatnet. I tillegg finn ein fire mindre brukryssingar langsetter elva. Elva Opo kan vera stri og i 1945 vart det bygd fisketrapp ved Eidesfoss. Denne vart seinare utbetra. Stor vassføring og sterk slitasje medførte at trappa vart skada og stengt i 1971. Berre restar står att i dag.



Figur 3.3 Oversiktsbilde av Odda sentrum. Foto: Yngve Vestrheim

Etter skadeflaumen i oktober 2014 sette NVE i gang med sikringstiltak langs Opo, med støttefyllingar, erosjonssikring og fjerning av lagra massar i elvelaupet (Figur 3.5). Sikringsarbeidet er planlagt avslutta innan 2018. Det er også gjort mindre tiltak med erosjonssikring og massefjerning oppstrøms Sandvinvatnet. Ved utlaupet av Sandvinvatnet ligg det eit kommunalt vassuttak rekna til reservefunksjon. Områda elles, kring Mannsåker, Sandvin, Hildal og Jordal, er prega av gardsdrift og landbruksaktivitet.




Figur 3.4 Opo og Odda sentrum sett frå Mannsåker



Figur 3.5 Delar av sikringstiltak utført av NVE i Opo, her ved Hjøllo

Nettløysingar, linespenn og sjøkabel er ført fram frå Tyssedal mot Eitrheim, Odda sentrum og følgjer Mosdalen og Sjausetedalen sørover mot Skare, og vidare høvesvis vestover mot Rullestad og austover til Røldal. To minikraftverk (<1MW) er bygd i vassdraget; eit konsesjonsfritt (Austdøla), og eit med konsesjon (Freim). To vatn heilt sør i nedbørsfeltet til Sandvinvatnet (Steinavatn og Dyrskardvatna) er overført ut av vassdraget.



Figur 3.6 Oversiktskart Odda sentrum. (Kart fra Kilden, NIBIO)


3.3 Landskap og natur i området

Vassdraget Opo m/Låtefoss (Vassdragsnr. 048/Z) er det tredje største i Hordaland, og drenerer eit 474 km² stort nedslagsfelt mellom Folgefonna i vest, Røldalsfjellet i sør og Hardangervidda i aust. Vassdraget har store høgdeforskjellar og ein liten del isbre (7,4 %) i nedbørsfeltet. Frå fjellplatåa fell elvar og bekkar i fossar ned mot dalbotnen i Oddadalen. Vassdraget fylgjer dalen og Rv 13 i nordleg retning. Sandvinvatnet og Reinsnosvatnet er to større innsjøar i vassdraget, der den største er Sandvinvatnet (88 moh). Frå Sandvinvatnet renn Opo om lag 2,3 km gjennom Odda sentrum, til sjø inst i Sørfjorden. Sørfjorden er ei lang og smal avgreining frå Hardangerfjorden.


Tettstaden Odda ligg inst i Sørfjorden med høge fjell på begge sider. Fjella som reiser seg mot aust og vest varierer mellom glattskura berg med lite lausmasser og skrinn skog, og hyller med lausmasser og edellauvskog. Busetnaden varierer mellom tung industri og varierte bustadområde, frå bondesamfunnet til nyare bustadbygging.

4 Teknisk plan

Tiltaket er plassert vest for Odda sentrum. Det er planlagt som ein flaumtunnel med luker om lag midt i vassvegen, inntak i Sandvinvatnet og utlaup i Sørfjorden (Figur 4.1). Eit kraftverk med kraftstasjon i fjell vert koplå til flaumtunnelen og nyttar vatnet når flaumlukene er stengde. Figur 4.2 gjev ei oversikt over dei inngrep knytt til kraftverket som vert synleg i dagen.



Figur 4.1 Prosjektskisse Opo flaumkraftverk. Ein større versjon finst i Vedlegg B.



Figur 4.2 Oversikt over inngrep i dagen knytt til tiltaket

4.1 Skildring av tiltaket

Tabell 4.1 Hovuddata Opo flaumkraftverk

Opo flaumkraftverk		
Tillaupsdata		
Nedbørsfelt	km ²	460,9
Årleg tilsig (1961-1990)	mill.m ³	1 265
Middelvassføring (1961-1990)	m ³ /s	40,1
Flaumverksdata		
Lengde flaumtunnel	m	2 600
Tverrsnitt flaumtunnel*	m ²	100
Kotehøgd flaumluker	moh.	70
Kapasitet	m ³ /s	500
Dempingsmagasin		
Magasinvolum	mill. m ³	3,9
Høgaste regulerte vasstand (HRV)	moh.	87,4
Lågaste regulerte vasstand (LRV)	moh.	86,5
Kraftstasjonsdata		
Kotehøgd inntak (HRV)	moh.	87,4
Kotehøgd utlaup kote	moh.	0
Brutto fallhøgd (frå HRV)	m	87,4
Lengde kraftverkstunnel	m	780
Tverrsnitt kraftverkstunnel**	m ²	70
Slukeevne	m ³ /s	75
Planlagt minstevassføring***	m ³ /s	8,9
Installert effekt	MW	55
Brukstid	timar	3 100
Produksjon		
Produksjon vinter (1/10 - 30/4)	GWh	53
Produksjon sommar (1/5 - 30/9)	GWh	117
Sum produksjon	GWh/år	170
Utbyggingskostnad		
Byggetid inkl. prøvedrift	år	3
Utbyggingskostnad	mill. NOK	600
Utbyggingspris	kr/kWh	3,53

*Avlaupstunnelen på 500 m vert 55 m², og utlaupstunnelen på 200 m vert 112 m².

**Trykksjakt på 90 m vert mellom 20 m² og 40 m².

***Minstevassføringa varierer mellom 5 m³/s og 20 m³/s. 8,9 m³/s er årsmiddel (sjå kapittel 5.2.1).

4.1.1 Dimensjonering av flaumverket

Dimensjoneringskriteria for flaumverket er at det skal sikra bustader rundt Sandvinvatnet mot ein 200-årsflaum inklusive 40 % klimapåslag, og bidra til å sikre Opo for ein 1000-årsflaum inklusive 40 % klimapåslag. Dette er i tråd med gjeldande krav i byggtknisk forskrift (TEK 17) for dei ulike områda. Dei strengare krava til sikring av Odda sentrum heng saman med lokaliseringa av viktig infrastruktur, som mellom anna Odda sjukehus.

Områda rundt Sandvinvatnet har ingen flaumsikring og er nærast årleg utsett for flaumar på dyrka mark, og dei store flaumane når opp til både driftsbygningar og våningshus. Det er målt inn at dyrka mark ned mot Sandvinvatnet ligg på kote 88,4, mens den lågast liggande busetnaden ligg på kote 89,3. På bakgrunn av dette er kapasiteten til flaumtunnelen dimensjonert slik at ved ein 200-årsflaum inklusive 40 % klimapåslag skal vasstanden ligga under kote 89,2.

Opo er etter NVE sitt sikringsarbeid sikra for ein 200-årsflaum inklusive klimapåslag, som tilsvarar ein kulminasjonsflaum på $1040 \text{ m}^3/\text{s}$. Ein 1000-årsflaum inklusive klimapåslag tilsvarar ein kulminasjonsflaum på $1320 \text{ m}^3/\text{s}$. Med ei slukeevne på $500 \text{ m}^3/\text{s}$ i flaumtunnelen vil kulminasjonsflaumen i Opo vere $820 \text{ m}^3/\text{s}$ ved ein 1000-årsflaum inklusive 40 % klimapåslag. Dette er godt under vassføringa NVE har sikra Opo for.

Tiltaket reduserer difor vassføringa i Opo med $500 \text{ m}^3/\text{s}$ og sikrar ein monaleg lågare vasstand i Sandvinvatnet ved flaum.

Områda sør for Sandvinvatnet

Noko av landbruksområda ved Sandvin og Hildal, sør for Sandvinvatnet kan sjå ut til å liggja lågare enn areala nærast vatnet (kote 88,4), som er høgda som er lagt til grunn for driftsopplegget til flaumlukene. Dei omtala områda ligg langs Storelva, som er den største tilførsleelva til Sandvinvatnet. Ved ein flaumsituasjon vert området påverka både av vasstanden i Sandvinvatnet og vassføringa i Storelva. Tiltakshavar vil difor utgreia forholda sør for Sandvinvatnet vidare og eventuelt gjera dei naudsynte justeringar for å sikra at tiltaket betrar forholda i einkvar flaum i området som skuldast vasstanden i Sandvinvatnet.

Tiltaket gjev inga flaumregulering av Storelva, og tiltaket sikrar difor ikkje mot flaumar der Storelva aleine går ut over sine breidder. Ansvar for flaumkartlegging og flaumsikring ligg hos kommune og sentrale styresmakter, men tiltakshavar vil vurdera moglege tiltak som kan betra forholda i ein flaumsituasjon grunna høg vassføring i Storelva. Eit tiltak kan vera å bruka massar frå fjellarbeida til å løfta delar av landbruksareala, men dette må i tilfelle skje i samråd med landbruksstyresmaktene. Tiltakshavar ønskjer også dialog med relevante styresmakter for om mogleg å koordinere omsøkt tiltak med eventuelle andre flaumdempande tiltak.

4.1.2 Sandvinvatnet og Opo

Inntak

Inntaket for flaumtunnelen vert etablert nordvest i Sandvinvatnet, om lag 250 m sør for Odda Camping (sjå kart i Figur 4.1). Inntaket vert dykka om lag 15 meter under vassflata, slik at det ved dimensjonerande flaum ikkje oppstår ein luftinnsugande virvel.



Figur 4.3 Illustrasjon av inntaksløysing i Sandvinvatnet, sør for Odda Camping

To sjølvlukande rulleluker vert nytta som inntaksluker for å sikra naudstenging av vassvegen ved svikt i flaumlukene. Over lukene vert det etablert ei sjakt i fjell, med eit lukehus med golvnivå over høgaste flaumvasstand i Sandvinvatnet. Figur 4.3 illustrerer inntaksløysinga i terrenget.

Regulering

Sandvinvatnet vert regulert 0,9 m mellom kote 87,4 (HRV) og kote 86,5 (LRV). Dette er innanfor naturleg vasstandsvariasjon, og svarar til høvesvis 10- og 90-persentila for vatnet.

Terskel

Det vert bygd ein terskel ved utlaupet av Sandvinvatnet. Toppen av denne ligg på kote 87,4 som tilsvarar HRV for Sandvinvatn. Terskelen vert plassert oppstraums brua der Rv 13 kryssar elva, og vert om lag 110 m lang, laga som ein overlaupsterskel plastra med



Figur 4.4 Illustrasjon av terskel med arrangement for slepp av minstevassføring, utlaup Sandvinvatn

naturstein. På vestsida av terskelen vert det etablert eit arrangement for minstevassføring med ein betongkanal og segmentluke. Det vert òg bygd eit arrangement som sikrar at fisk på vandring slepp gjennom terskelen. Det vert sett av plass til eksisterande røyr for naudvassforsyning til Odda.

Fisketrapp

Det vert etablert fisketrapp i Opo for å sikra fri passasje for fisk forbi Eidesfoss (markert i Figur 4.1 og Figur 4.2). Det er ikkje tatt stilling til på kva side av elva fisketrappa bør etablerast.

4.1.3 Flaumverk

Tunnel med utlaup

Flaumtunnelen er om lag 2,6 km lang frå inntak til utlaup, og vert etablert i fjellet vest for Odda sentrum. Den er dimensjonert for $500 \text{ m}^3/\text{s}$, med varierende tverrsnitt mellom 112 m^2 og 55 m^2 . Om lag 1,8 km ned i tunnelen vert det etablert to parallelle flaumluker.

Tunnelen munnar ut i Sørfjorden ved Kleivavika. Tunnelutlaupet sin sole vert lågare enn sjøvasstand, og utforma slik at vasstraumen vert styrt bort frå fjordbotnen. Dette reduserer



Figur 4.5 Illustrasjon av utlaup i Kleivavika

påverknaden på sjøbotnen i ein flaumsituasjon. Figur 4.5 illustrerer utlaupet ved Kleivavika. Utlauget er også vist i visualiseringa i Figur 4.10.

For å sikra gode strøymingsforhold i flaumtunnelen i ein flaumsituasjon, er det naudsynt med ei sjakt som gjev tilførsel av luft til tunnelen. Luftesjakta får ein diameter på om lag 2,5 m og kjem ut i dagen ved Hetleflot (markert i Figur 4.1. og Figur 4.2). Luftesjakta er berre i bruk når flaumlukene er opne. I desse situasjonane kan det oppstå noko støy frå inntaket til luftesjakta. Inntaket vert utforma med omsyn til støyreduserande tiltak, samstundes som ein tek vare på tryggleik rundt inntaket.

Flaumluker

Det vert etablert to parallelle flaumluker på om lag 37 m^2 kvar. Flaumlukene vert plassert om lag 1,8 km frå inntaket, som vist i Figur 4.1. Tunnelen vert delt i to parallelle, separate laup oppstraums lukene, og går i samlaup nedstraums lukene.

Flaumlukene vert utført som dykka segmentluker med tilkomst frå eigen tunnel.

4.1.4 Kraftverk

Tunnelar

Tillaupstunnelen til kraftverket er ei grein frå flaumtunnelen oppstraums flaumlukene (sjå projektskisse i Figur 4.1). Tunnelen har tverrsnitt 70 m^2 og går over i ei trykksjakt før vatnet vert ført gjennom eit steinfang og inn i kraftstasjonen.

Avlaupstunnelen frå kraftverket går i samlaup med nedre del av flaumtunnelen om lag 500 m nedstraums kraftverket. Avlaupet oppstraums samlaupet har tverrsnitt 70 m^2 .

Kraftstasjon

Kraftstasjonen vert etablert i fjell. Det er planlagt ein vertikal Francisturbin med slukeevne på $75 \text{ m}^3/\text{s}$. Det gjev ein installert effekt på om lag 55 MW og generator på om lag 65 MVA/10 kV. Turbinsenter er anslått til å ligge på om lag kote minus 5.

Svingekammer

For å oppnå tilfredsstillande stabilitet i anlegget vert det bygd to svingekammer; eit oppstraums kraftstasjonen, kopla til tillaupstunnelen, og eit nedstraums kopla til sugerøyrslukesjakta.

4.1.5 Tilkomstvegar, tilkomsttunnel og tverrslag

Nye vegar i samband med tiltaket er avgrensa til korte tilkomstar som knyter tunnelinngangane til det offentlege vegnettet.

Ved bygging av inntaket må eksisterande veg mot Jordal leggjast midlertidig om med ein omkjøring via Eidesåsen. Omkjøringa vert lagt tilbake på ein bruonstruksjon over inntaket når anleggsarbeidet er ferdig. Figur 4.3 illustrerer inntaksområdet.

Tilkomst til flaumtunnelen vert planlagt via eit tverrslag med påhogg like ved inntaket under vegen til Eidesåsen. Tverrslaget får ei lengd på om lag 200 m med tverrsnitt $22,5 \text{ m}^2$. Tverrslaget vert brukt til inspeksjonar og vedlikehald i driftsfasen.

Tilkomst til flaumlukene vert ein om lag 360 m lang tunnel frå Erreflot, med tverrsnitt $22,5 \text{ m}^2$. Tunnelinngangen er illustrert i Figur 4.6.

Tilkomsttunnelen til kraftstasjonen vert om lag 320 m lang med eit tverrsnitt på om lag 45 m^2 . Påhogg til tunnelen er planlagt frå Bygda i Odda sentrum, som illustrert i Figur 4.8. Alternativt er det mogleg å legge tunnelen med inngang frå Opheimsgata 30.

Tilkomst til avlaupstunnelen til kraftverket er planlagt frå Fv 550 ved rundkjøringa i krysset Eitrheimsvegen-Opheimsgata. Tilkomsten er tenkt som ein fjerde arm på rundkjøringa. Tunnelen får ei lengde på 200 m og eit tverrsnitt på $22,5 \text{ m}^2$. Som inngang til tunnelen vert det utforma ein portal som er om lag 3 m brei og 4,5 m høg, illustrert i Figur 4.7.

Ved utløpet til flaumtunnelen må Fv 550 mellombels leggjast om i anleggsfasen. Det vert bygd ein bru over tunnelopninga til utlaupet, og vegen vert flytta tilbake over denne etter anleggsfasen (Figur 4.5).

For å byggja luftesjakta til flaumtunnelen er det behov for ein mellombels anleggsveg frå Hetleflot. Forslag til plassering av anleggsveg er teikna inn med raud-stipla linje i Figur 4.2 (markert med «E»).



Figur 4.6 Illustrasjon av tilkomst til flaumlukene ved Erreflot



Figur 4.7 Illustrasjon av tilkomst til avlaupstunnelen ved rundkjøringa i krysset Eitrheimsvegen-Opheimsgata, Fv 550



Figur 4.8 Illustrasjon av tilkomst til kraftstasjonen ved Bygda

4.1.6 Tunnelar, sjakter og masseuttak

Tabell 4.2 gjev ei oversikt over planlagde dimensjonar og masseuttak for tunnelar og sjakter. Ein faktor på 1,825 er brukt for å rekna om frå faste massar til massar lagt i deponi.

Tabell 4.2 Oversikt dimensjonar og masseuttak, flaumverk og kraftverk

	Lengde (m)	Areal (m ²)	Uttak faste massar (m ³)	Massar anlagt i deponi (m ³)
Flaumverk				
Flaumtunnel	2600	55-112*	250 000	457 000
Tilkomsttunnelar	560	22	12 000	22 000
Diverse sjakter og tunnelar			11 000	20 000
Sum flaumverk			273 000	499 000
Kraftverk				
Tillaups- og avlaupstunnel	700	70	50 000	91 000
Tilkomsttunnelar	800	22-45*	25 000	46 000
Svingetunnelar			10 000	18 000
Kraftstasjon og diverse tunnelar			20 000	36 000
Sum kraftverk			105 000	191 000
Totalt flaumverk og kraftverk			378 000	690 000

*Arealet på tunnelane varierer

4.1.7 Massedeponi

Etablering av tunnelar og kraftstasjon vil føra med seg eit uttak av om lag 378 000 m³ faste massar. Volum lagt i deponi er om lag 690 000 m³, rekna med ein faktor på 1,825. Det er foreslått tre massedeponi; to deponi i nord og eit deponi sør for Odda sentrum. Tippområda nord for sentrum er ved Sørfjordsenteret og småbåthamna ved Stranda. Deponi sør for sentrum er ved Odda Camping nord i Sandvinvatnet. Deponia er teikna inn i prosjektskissa i Figur 4.1. Figur 4.9 til Figur 4.11 viser illustrasjonar av korleis deponia vil sjå ut i terrenget. Tabell 4.3 gjev ein oversikt over kapasiteten i deponia.

Tabell 4.3 Fordeling av massar i deponia

	Kapasitet i massedeponi (m ³)
Deponi Odda Camping	410 000
Deponi Sørfjordsenteret	100 000
Deponi Stranda	180 000
Sum	690 000

Tabell 4.4 Uttak av massar ved etablering av Opo flaumkraftverk. Massar lagt i deponi er skalert med ein faktor på 1,825

Uttak av massar	Uttak faste massar (m ³)	Massar lagt i deponi (m ³)
Frå tilkomst flaumtunnel, Hetlevik	208 000	380 000
Frå tilkomst flaumluker, Erreflot	16 000	30 000
Frå tilkomst kraftstasjon, Bygda	33 000	60 000
Frå tilkomst utlaupstunnel, Eitrheimsvegen	121 000	220 000
Sum uttak	378 000	690 000

Tabell 4.4 gjev ei oversikt over kor mykje massar som vert teke ut frå tunnelane. Massar blir lagt i næraste deponi slik at transportvegen blir kortast mogleg.

I samband med konsekvensutgreiinga av alternativ aust, er det konsekvensutgreidd eit deponi ved Vasstun. Deponiet har plass til om lag 500 000 m³ massar, er eit alternativ til dei føreslegne deponia.


Som omtalt i kapittel 4.1.1 kan det sjå ut til at delar av landbruksareala ved Sandvin og Hildal ligg lågare enn først antatt, og er difor meir utsatt for flaum. Tunnelmassar kan nyttast til å løfte dyrka mark i området for å flaumsikra desse areala ytterlegare. Landbruksjorda må då fjernast før deponeringa og leggjast tilbake etterpå. Dette alternativet er ikkje konsekvensutgreidd.



Figur 4.9 Illustrasjon av deponi Odda Camping, før og etter



Figur 4.10 Illustrasjon av deponi Sørfjordsenteret og utlaup Kleivavika, før og etter



Figur 4.11 Illustrasjon av deponi Stranda, før og etter


4.1.8 Mellombelse anlegg

Riggområder

Der er anslått eit mellombels behov for 30 daa til riggområde; 10 daa for verkstad og lager, og 20 daa til forlegning. Det er identifisert seks moglege riggområde. Til forlegning er Eitrheim og Hjøllotippen vurdert som best egna, mens Odda Camping eignar seg best til verkstad og lager, grunna nærleiken til anleggsarbeida. Alternative riggområde er Smelteverkstomta i Odda sentrum på 9 daa, Dicylageret i Odda sentrum på 5 daa og Jordal på 25 daa. Dei føreslåtte riggområda er angitt i Tabell 4.5, og er markert i Figur 4.12.

Tabell 4.5 Moglege mellombelse riggområder

Plassering	Størrelse (daa)	Merknad
Odda Camping	11	Verkstad og lager
Eitrheim	11	Forlegning
Hjøllotippen	15	Forlegning



Figur 4.12 Oversikt over riggområda knytt til anleggsfasen. Riggområda er markert i blått.

Anleggskraft

Det vert etablert anleggskraft ved kvart påhogg. Forsyning vert tatt i frå næraste transformator kioskar tilhøyrande Odda Energi. Det kan og verta aktuelt å etablere brytarfelt som alternativ i næraste høgspennmast. Anleggskraft vert etablert av byggherre i samarbeid med netteigar (Odda Energi).

Det vil vera behov for maksimalt 1,5 MVA ved kvart påhogg. Forsyningskabel vert forsvareleg sikra etter forskrift.

4.2 Elektromekaniske installasjonar

Maskin- og elektroteknisk utrustning er bestemt på grunnlag av ei førebels teknisk vurdering og kan bli endra noko i detaljplanlegginga.

4.2.1 Hovudkomponentar i samband med flaum- og inntakslukene

To dykka segmentluker vert plassert 1,8 km nedstraums inntaket. Flaumlukene opnar ved flaumsituasjonar og vert styrt som omtalt i kapittel 4.4.

Hovudkomponentar knytt til flaumlukene er styring/kommunikasjon og hydraulisk utstyr (HPU, servoar og tilhøyrande utstyr).

Det vert installert to sjølvlukande rulleluker som inntaksluker. Inntakslukene har to hovudfunksjonar; sikre vassvegen under revisjonsarbeid og sikre naudstenging av vassvegen ved svikt eller feil i flaumlukene.

Hovudkomponentar knytt til inntakslukene er styring/kommunikasjon og hydraulisk utstyr (HPU, servoar og tilhøyrande utstyr).

Tabell 4.6 Hovudkomponentar i samband med flaum- og inntakslukene til Opo flaumkraftverk

Opo flaumkraftverk, flaum- og inntaksluker		Flaumluke	Inntaksluke
Luketype		Segmentluke	Rulleluke
Antall		2	2
Karakteristisk trykk ved luketerskel, ved HRV	mVs	17,4	13,5
Breidde lysopning	m	6,15	4
Høgde lysopning	m	6,15	7,5
Manøvrering		Oljehydraulisk sylinder	Oljehydraulisk enkeltverkande sylinder
Største vassføring	m ³ /s	2x250	2x250

4.2.2 Hovudkomponentar i kraftstasjon

Turbininstallasjonen i Opo flaumkraftverk vil vera ein vertikal lågtrykks Francis, og turbin-senteret vil liggja på om lag kote minus 5. Installert effekt for turbinen vert om lag 55 MW. Slukeevna for kraftverket vert 75 m³/s og kraftstasjonen vil få ei årleg driftstid på om lag 4 150 timar.

Generator vil ha ein installert yting på om lag 65 MVA og spenning på 10 kV. Effektfaktor (Cos(φ)) for generatoren vil vera 0,86 (jf. Statnett – Funksjonskrav i kraftsystemet (FIKS)).

Hovudtransformator skal plasserast i ei eiga nisje i kraftstasjonen og vil ha same merkeyting som generator. Naudsynte høgspenning brytaranlegg er planlagt plassert i fjellanlegget. I tillegg er det planlagt eit ekstra 66 kV brytaranlegg plassert i tilkoplingspunkt på Smelteverkstomta. Sjå einlinjeskjema i vedlegg C.

Tabell 4.7 Elektriske anlegg, Opo flaumkraftverk

Opo flaumkraftverk, elektriske anlegg		
Generator		
Yting	MVA	65
Spenning	kV	10
Transformator		
Yting	MVA	65
Omsetning	kV/kV	10/67
Nettilknytning		
Lengd (om lag)	m	1 000
Nominell spenning	kV	66
Luftlinje el. jordkabel		Jordkabel

4.2.3 Hjelpeanlegg i kraftstasjon

Stasjonen vil ha tre stasjonstransformatorar på om lag 500 kVA kvar:

- ST1 vil bli kopla mot hovudtransformatoren si primærvikling (10/0,4 kV omsetning).
- ST2 vil bli kopla til Odda Energi sitt distribusjonsnett (12/0,4 kV omsetning).
- ST3 vil bli tilknytt eit naudstraumsaggregat (diesel). Dieselaggregatet vert dimensjonert på eit seinare tidspunkt.

Lågspent installasjon inkluderer brannalarm og sikkerheitssystem i tillegg til nødvendig installasjon for lys, varme og ventilasjon.

Kontrollanlegget i stasjonen er føresett å vera datamaskinbasert, og bygd opp med autonome einingar for aggregat, transformator og fellesanlegg.

Kontrollsystemet vert utrusta med lokal skjermstyring og kommunikasjon mot SKL sin driftssentral.

Hjelpeanlegga i kraftstasjonen er bestemt på grunnlag av ei førebels teknisk vurdering og vil kunna endrast noko i detaljplanlegginga.

4.2.4 Omsøkte elektriske anlegg

Det vert søkt om løyve til etablering og installasjon av fylgjande utstyr:

Generator:

- Plassert i fjellhall
- 1 stk. synkrongenerator 65 MVA
- Cos ϕ : 0,86
- Generatorspenning: 10 kV

Transformatorar:

- Plassert i fjellhall
- 1 stk. 65 MVA vasskjølt to-viklings transformator med omsetning: 10/67 kV
- 1 stk. stasjonstransformator: 10/0,4 kV, 500 kVA
- 1 stk. stasjonstransformator: 12/0,4 kV, 500 kVA
- 1 stk. stasjonstransformator: 0,69/0,4 kV, 315 kVA

Naudstraum:

- 1 stk. naudstraumsaggregat: 0,69 kV, 300 kVA

Koplingsanlegg i fjell:


- 66 kV og 12 kV koplingsanlegg

Kabel:

- Frå 66 kV anlegg i fjellhall vert det søkt om omlag 1000 m PEX jordkabel ut til eksisterande 66 kV koplingsanlegg på Smelteverkstomta.
 - Kabeldimensjon: 3x1x1000 mm² Al.
 - Kabelen vert lagt i kabelkulvert i tilkomsttunnelen mellom kraftstasjon og portal. Vidare vert kabel lagt i kabelgrøft fram til tilkoplingspunkt på Smelteverkstomta.
- Frå 12 kV i fjellhall vert det søkt om omlag 1000 m. PEX jordkabel ut til eksisterande 12 kV tilkoplingspunkt.
 - Kabeldimensjon: 3x1x150 mm² Al
 - Kabelen vert lagt i same kabelkulvert og kabelgrøft som 66 kV kabel, rett avstand mellom kablane og fram til tilkoplingspunkt.

4.3 Nettilknytning

Grensesnitt mellom Odda Energi (nett) og SKL (kraftverk) går ved tilkoplingspunkt for 66 kV kabelendemuffe. Figur 4.13 viser planlagd kabeltrasé for 66 kV og 12 kV jordkabel frå kraftstasjon til koplingsanlegg på Smelteverkstomta. Kabelen vert lagt i kulvert i tilkomsttunnelen mellom kraftstasjon og portal, og vidare i kabelgrøft fram til koplingsanlegg. Lengde på kabeltrasé vert om lag 1 km frå kraftstasjon til koplingsanlegg, av desse er om lag 0,3 km inne i tilkomsttunnelen.



Figur 4.13 Netttilknytning frå tilkomsttunnel Bygda til koplingsanlegg på Odda Smelteverk

Kapasitet på 66 kV anlegget i Odda- og Tyssedalområdet er tilfredsstillende til å ta imot full last frå Opo kraftverk under normale omstende. SKL har god dialog med Odda Energi kring detaljar om nettkapasitet og netttilknytning. Odda Energi deltek vidare i detaljplanlegginga av dette.

4.4 Driftsopplegg

Pålagt minstevassføring vert til ei kvar tid sleppt til Opo. Ved tilsig lågare enn minstevassføringa, vert heile tilsiget sleppt til elva.

Regulering av Sandvinvatnet er mellom HRV (høgaste regulerte vasstand) kote 87,4 og LRV (lågaste regulerte vasstand) kote 86,5. Flaumtunnelen har ein kapasitet på 500 m³/s og kraftverket har ei maksimal slukeevne på 75 m³/s.

Driftsopplegget for flaumkraftverket er omtalt i delkapittel 4.4.1 og 4.4.2 og oppsummert i Tabell 4.8.

Tabell 4.8 Oppsummering av driftsopplegget til Opo flaumkraftverk

Vasstand Sandvinvatnet	Tilsig til Sandvinvatnet	Vassføring i Opo	Kraftverk	Flaumluker
86,5 - 87,4	Mindre enn minstevassføring	Heile tilsiget	Står	Stengt
	Meir enn minstevassføring	Minstevassføring	I drift	
87,4 - VOF	Meir enn slukeevne kraftverk	Meir enn minstevassføring		Står
VOF			Heilt opne	
Høgare enn VOF	Meir enn slukeevne flaumløp + overløp			

* VOF = vasstand opning flaumluker

4.4.1 Flaumverk

Det er vasstanden i Sandvinvatnet som styrer når flaumlukene vert opna. Flaumlukene vert opna når vasstanden i Sandvinvatnet når fastsatt kote for opning. Denne er kalla VOF (Vasstand opning flaumluker). VOF er førebels sett til kote 88,3 basert på tilgjengeleg informasjon om forholda ved flaum. Vassføringa over terskelen og ut i Opo er då om lag 150 m³/s. Lukene vert styrt slik at vasstanden i Sandvinvatnet vert halden på denne høgda gjennom ein flaumsituasjon.

Ved aukande flaumvassføring vert flaumlukene opna ytterlegare. Både vassføringa i Opo og vasstanden i Sandvinvatnet er då uendra, medan vassføringa i flaumtunnelen aukar. Når flaumlukene er heilt opne går det om lag 500 m³/s i flaumtunnelen. Først når kapasiteten til flaumtunnelen er fullt utnytta vil vasstanden i Sandvinvatnet og vassføringa i Opo auke ytterlegare. Flaumlukene vert stengt når ein klarar å halda vasstanden i Sandvinvatnet på kote 88,3 eller lågare utan bruk av flaumtunnelen.

Som omtala i kapittel 4.1.1 er det sett i gang eit arbeid for å sjå nærare på eksakt verdi for VOF. Konklusjonen kan vera at flaumlukene vert opna ved ei lågare kotehøgde enn 88,3.

4.4.2 Kraftverk

Tilsiget må overstiga kravet til minstevassføring for at kraftverket skal starta. Når tilsiget er likt eller lågare enn kravet til minstevassføring, står kraftverket

Når tilsiget er høgare enn kravet til minstevassføring, men lågare enn nedre grense for turbinen, vert Sandvinvatnet nytta som dempingsmagasin. Kraftverket køyrer til vasstanden går ned mot LRV (lågaste regulerte vasstand) før det stoppar, og Sandvinvatnet vert fylt opp. Kraftverket startar igjen innan vasstanden når HRV (høgaste regulerte vasstand) på kote 87,4.

Når tilsiget er høgt nok til at turbinen kan gå kontinuerleg, vert kraftverket køyrt på tilgjengeleg tilsig, opp til maksimal slukeevne som er 75 m³/s.

Ved tilsig som overstig summen av kravet til minstevassføring og maksimal slukeevne går kraftverket på maksimal effekt.

Når tilsiget går over i ein flaumsituasjon vert flaumlukene opna og kraftverket er i drift inntil strøymingsforholda vert så krevjande at det må stansa.

4.5 Geologi

Geologiske undersøkingar er gjort av Dr. Ing. Bjørn Buen AS. Med omsyn til geologiske problemstillingar er prosjektet vurdert som greitt å gjennomføra, gitt at det vert utført naudsynte sikringstiltak. Hydrogeologien for vasstunnelane er vurdert med omsyn til permeable sprekker, inn- og utlekkasje. Konklusjonen er at forventa innlekkasje i tunnelane er låg. Utlekkasje frå vassvegen er ikkje sannsynleg. Ein kan ikkje sjå vekk i frå at tunnelane vil kryssa permeable sprekkesonar. Slike sonar vert tetta med injeksjon.

4.6 Endringar i høve til meldinga

I konsesjonssøknaden er tverrslaget ved inntaket endra til sør for Odda Camping, i staden for nord for Odda Camping, som vart omtalt i meldinga.

Påhogg til tilkomsttunnel kraftstasjon er endra til Bygda i staden for i Opheimsgata.

Kabeltraséen frå kraftverket til tilkoblingspunktet med Odda Energi sitt kraftnett er noko endra. Dette skuldast både at tilkomsttunnelen til kraftverket er flytta i forhold til meldinga og tilpassingar til kommunale planar på Smelteverkstomta.

Tiltaket omtalt i meldinga for Opo og Sandvinvatnet – flaumsikring og kraftproduksjon, er alternativet med flaumtunnel på vestsida av Opo som er presentert her i kapittel 4. Etter meldinga si høyringsrunde, vart det introdusert eit alternativ på austsida av Opo som er konsekvensutgreidd. Tiltakshavar søkjer ikkje om alternativet på austsida, og dette utgjør såleis inga endring i høve til meldinga. Alternativ aust er omtalt i kapittel 4.7.2.

4.7 Alternativ

4.7.1 Vurderte alternativ flaumkraftverk, tiltakshavar

For å avgrensa både flaumvassføringa i Opo og flaumstiginga i Sandvinvatnet vurderer tiltakshavar ein flaumavleiingstunnel til å vera den beste løysinga. Denne vil gjera eksisterande bustader tryggare mot flaumskadar ved Sandvinvatnet, langs Opo, Odda sjukehus og bidra til å hindra erosjon av ureina grunn. Ein kombinasjon med kraftverk er naudsynt for å gjera investeringa lønsam.

I samband med forstudiet er i alt 18 alternative løysingar for flaumkraftverk i Odda vurdert av tiltakshavar. Løysingar som vart vurdert inkluderer flaumkraftverk med låg- og høgtrykks flaumluker både på aust- og vestsida av Odda sentrum. For nærare omtale av alternativa

vert det vist til forstudierapport (SKL, 2016). Ut frå ei samla vurdering av geologiske tilhøve, tunnallengder, terrenginngrep, kostnader, miljø og samfunnsinteresser, er det omsøkte tiltaket vurdert til å vera den beste løysinga.

4.7.2 Alternativ aust


På bakgrunn av innkomne uttalar i høyringsrunden for meldinga på Opo flaumkraftverk, bad SKL om å få konsekvensutgreie eit alternativ aust, i tillegg til det meldte alternativet. Grunnen var at ein såg at det kunne vere vesentlege skilnader i konsekvens mellom dei to alternativa. I tråd med fastsatt KU-program er difor begge alternativa utgreidd. Sjå konsekvensutgreiing, vedlegg K.

Skildring av tiltaket

Alternativ aust er i prinsippet likt som det omsøkte alternativet, men i alternativ aust er flaumkraftverket plassert aust for Odda sentrum. Inntaket er plassert nord-aust i Sandvinvatnet, om lag 800 m sør for Vasstun, og utlaup i Opo ved Hjadlackleivane nedstraums Smelteverksbrua (sjå Figur 4.14).

Den viktigaste skilnaden mellom alternativa er at alternativ aust har utlaup frå flaumtunnelen i Opo i staden for i Sørfjorden. Alternativ aust gjev difor ikkje full flaumsikring i nedre del av Opo, nedstraums utlaupet. Flaumsikring av denne strekninga for ein 1000-årsflaum inklusive 40 % klimapåslag var ikkje ein del av KU-programmet, men det er utarbeidd eit notat som omtalar kostnad og konsekvens for dette. Notatet ligg som vedlegg H. Notatet peikar på klare utfordringar for alternativ aust. Å sikra nedre del av Opo mot ein 1000-årsflaum inklusive 40 % klimapåslag krev store inngrep, mobile løysingar som må mobiliserast og denne sikringa vert kostbar. Notatet har ikkje utgreidd konsekvensane for dei ulike fagtema, men det synes klart at ei slik løysing vil vera eit stort inngrep i Odda sentrum. I tillegg uttalar notatet at det er usikkert om løysinga som er skissert er tilstrekkeleg for å sikra nedre del av Opo mot ein 1000-årsflaum inklusive 40 % klimapåslag.

Utbyggingskostnaden for alternativ aust er rekna til 715 mill NOK, inklusive den naudsynte ekstra flaumsikringa av nedre del av Opo. Dette er 20 % meir enn for det omsøkte alternativet.



Figur 4.14 Prosjektskisse Opo flaumkraftverk, Alternativ aust

Konsekvensar ved tiltaket

Tabell 4.9 viser ei samanstilling av konsekvensane for alternativ aust og omsøkt alternativ. Det varierer noko frå fagtema til fagtema kva for alternativ som er vurdert som det beste. Generelt er det berre små skilnader i dei vurderte konsekvensane. Det er små eller ingen skilnad mellom alternativa når det gjeld konsekvensar knytt til oppvandring av laksefisk og fare for reaktivering av miljøgifter. Dette er difor ikkje avgjerande med omsyn til val av alternativ. Med den ekstra flaumsikringa som er naudsynt i alternativ aust, gjev det enten monaleg større inngrep i Odda sentrum, eller eit alternativ som ikkje gjev full flaumsikring av heile Opo.

Samla vurdering er difor at alternativ aust ikkje gjev ein fullgod flaumsikring av Odda sentrum, ikkje har lågare konsekvens enn omsøkt alternativ og har monaleg høgare utbyggingskostnad. Tiltakshavar søker difor ikkje om alternativ aust.

Tabell 4.9 Fagutgreier si vurdering av konsekvensane i driftsfasen for alternativ aust og omsøkt alternativ

	Søkt alternativ	Alternativ aust
Hydrologiske forhold*	Liten negativ til ubetydeleg (-/0)	Liten negativ til ubetydeleg (-/0)
Landskap	Stor negativ (--)	Middels til stor negativ (-/---)
Terrestrisk naturmiljø	Ubetydeleg (0)	Ubetydeleg (0)
Akvatisk naturmiljø	Liten negativ (-)	Liten negativ (-)
Marine forhold	Liten negativ til ubetydeleg (-/0)	Ubetydeleg (0)
Kulturminner og kulturmiljø	Liten negativ (-)	Liten negativ (-)
Forureining og vasskvalitet	Liten til middels negativ (-/--)	Ubetydeleg til liten negativ (0/-)
Naturressursar	Middels positiv (++)	Middels positiv (++)
Næringsliv og sysselsetting	Liten positiv (+)	Liten positiv (+)
Befolkningsutvikling og bustadbygging	Middels positiv (++)	Middels positiv (++)
Tenestetilbod og kommunal økonomi	Middels positiv (++)	Middels positiv (++)
Sosiale forhold	Ubetydeleg (0)	Ubetydeleg (0)
Helsemessige forhold	Stor positiv (+++)	Middels til stor positiv (++/+++)
Friluftsliv	Liten negativ (-)	Ubetydeleg (0)
Jakt	Ubetydeleg (0)	Ubetydeleg (0)
Fiske	Middels til stor negativ (-/---)	Middels negativ (--)
Reiseliv	Liten positiv (+)	Liten negativ (-)

* Konsekvensvurdering for vass temperatur, isforhold, lokalklima, erosjon, sedimenttransport og grunnvassforhold

4.7.3 Alternativ flaumsikring, eksterne


Stortingsproposisjon 11S (2016-2017) er grunnlaget for Stortinget sitt vedtak om å tillata konsesjonshandsaming av ein søknad om kombinert flaumtunnel og kraftverk i Opo. I proposisjonen legg Stortinget til grunn at ein mogleiksstudie frå NVE og Odda kommune skal ferdigstillast for å kunna inngå i ei konsesjonshandsaming. NVE presenterte januar 2017 ein mogleiksstudie for flaumdempende tiltak i Opo-vassdraget (Multiconsult 2016). Rapporten omfattar fleire ulike flaumdempende tiltak, mellom anna flaumtunnel forbi Odda sentrum. Ei rekke aktørar uttalte til høyringa av meldinga for Opo flaumkraftverk at NVE måtte konsekvensutgreie alternative flaumsikringstiltak vidare. Tiltakshavar er kjent med at NVE ser på dette, men kjenner ikkje status for arbeidet.

5 Hydrologi og tilsig

Det hydrologiske grunnlaget, tilsig og simuleringar er henta frå fagrapport Hydrologi og flaum som inngår i konsekvensutgreiinga (vedlegg K-2).

5.1 Hydrologisk grunnlag

Nedbørfeltet til utlaupet av Sandvinvatnet er på 460,9 km², etter at to delfelt sør i nedslagsfeltet, på til saman 9,3 km², vart overført til Saudavassdraget i 1967. Det naturlege nedbørfeltet til Opo er vist i Figur 5.1. Frå NVE sitt digitale avrenningskart for 1961-90 er midlare spesifikk avrenning funne til 87,0 l/s pr. km². Dette svarar til ei årleg middelvassføring (1961-90) på 40,1 m³/s ved utlaupet av Sandvinvatnet.



Figur 5.1 Kart over det naturlige nedbørfeltet til Opo ved utlaupet av Sandvinvatnet. Nedbørfeltet inkluderer dei to delfelta Steinavatn og Dyrskavatna, som vart overført til Saudavassdraget i 1967. Desse felta utgjør til saman 9,3 km² av det totale på 470,2 km². (Kjelde: NEVINA)

Målestasjonen 48.1 Sandvenvatn ligg i Sandvinvatnet og har vore i drift sidan 1908. Ein kan sjå på stasjonen som ein uregulert stasjon og den gjev eit godt grunnlag for å skildra verknadane av flaumkraftverket.


Variasjonane i vassføring og vasstand kan vera raske i vassdraget. For å fanga opp konsekvensane av dette er dei hydrologiske utrekningane og simuleringane utført med timesoppløysing på vassføringsdata. Dette avgrensar den tilgjengelige vassføringsserien 48.1 Sandvenvatn til åra etter 1998, då det ikkje finst data med tilstrekkeleg oppløysing før dette. Timesoppløysing på data og simuleringsresultata vil gi ei god beskriving av spesielt vasstandsvariasjonane i Sandvinvatnet i periodar med start/stopp-køyring av kraftstasjonen.

Simuleringane med flaumkraftverket er gjort for åra 1998-2014. Som vist i Tabell 5.1, er simuleringsperioden samla sett noko tørrare enn perioden 1961-90 frå NVE Atlas (normalperiode). Dette gjer at dei utrekna anslaga på flaumstørrelsane er noko konservative. Samtidig ser ein at lågvassføringane er større i simuleringsperioden enn i normalperioden, slik at simuleringane viser større vassføring i dei tørre periodane enn normalperioden. Årlege middelvassføringar for perioden 1998-2014 er vist i Figur 5.2.

Tabell 5.1 Midlare hydrologiske data for Opo for normalperioden og simuleringsperioden

		Normalperiode (1961-1990)	Simuleringsperiode (1998-2014)
Årleg middelvassføring	m ³ /s	40,1	38,3
Midlare spesifikk tilsig	l/s/km ²	87	83
Årleg tilsig	mill.m ³	1265	1208
Alminneleg lågvassføring	m ³ /s	2,2	2,9
5-persentil vinter (1.10-30.4)	m ³ /s	1,8	1,5
5-persentil sommar (1.5-30.9)	m ³ /s	16,5	18,1

I tråd med nye klimaframskrivingar og venta endringar i flaumar fram mot år 2100 rår NVE til at det vert rekna eit klimapåslag på 40 % i Opo-vassdraget (Prop. 11S (2016-2017)). I fastsett utgreiingsprogram slår NVE fast at det skal nyttast hydrologisk grunnlag utan noko klimapåslag i utrekningane for Opo flaumkraftverk. Alle utrekningar og vurderingar i konsekvensutgreiinga er difor gjort utan omsyn til forventa klimaendringar. I kapittel 9.1 er det presentert flaumverdiar inklusive 40 % klimapåslag.




Figur 5.2 Middelvassføring 48.1 Sandvenvatn kvart år i simuleringssperioden. Raud strek viser middel for heile perioden

5.1.1 Typiske år

Det er valt ut tre typiske år for å skildra endringar i vasstands- og vassføringstilhøve: eit tørt år (2010), eit midlare år (2013) og eit vått år (2007). Ved val av dei tre typiske åra er det dels lagt vekt på årsmiddelvassføringa (jf. Figur 5.2) og dels på vassføringsfordelinga over året.

Daglege vassføringar i dei tre typiske åra, saman med daglege middelvassføringar for heile perioden 1998-2014, er vist i Figur 5.3. Som det går fram av figuren, vil alle dei typiske åra ha enkelte dagar med både låge og høge vassføringar. Ein ser til dømes at det tørre året (2010) har den største flaumvassføringa.



Figur 5.3 Daglege vassføringar ved 48.1 Sandvenvatn i eit tørt år, eit midlare år og eit vått år, samt daglege middelvassføringar

5.1.2 Lågvassføringer

Det er tatt ut verdier for alminneleg lågvassføring, samt 5-persentilverdier for sommar (1.5-30.9) og vinter (1.10-30.4) for avlaupsstasjonen 48.1 Sandvenvatn. Dette representerer typiske lågvassføringer i Opo på strekninga frå utlaupet av Sandvinvatnet til sjøen.

Tabell 5.2 viser verdier for normalperioden 1961-90, siste 30-års periode 1987-2016 og perioden som er nytta til simuleringar (1998-2014). Som det går fram av tabellen, er det liten forskjell mellom dei observerte lågvassverdiane for dei forskjellige periodane.

Tabell 5.2 Typiske lågvassføringer i m³/s i Opo i utlaupet av Sandvinvatnet

	1961-1990	1987-2016	1998-2014
Alminneleg lågvassføring	2,2	2,2	2,9
5-persentil vinter (1.10-30.4)	1,8	1,3	1,5
5-persentil sommar (1.5-30.9)	16,5	16,8	18,1


5.2 Verknad på vasstands- og vassføringstilhøve

5.2.1 Minstevassføring

Føreslått minstevassføring er presentert i Figur 5.4, og Tabell 5.3. Føreslått minstevassføring er i tråd med forslaget gitt i Fagrapport Akvatisk naturmiljø, sjå vedlegg K-5.

Tabell 5.3 Føreslått minstevassføring for Opo flaumkraftverk

Dato	Minstevassføring i Opo
1.1 – 14.4	5 m ³ /s
15.4 – 30.4	10 m ³ /s
1.5 – 20.5	20 m ³ /s
21.5 – 15.6	15 m ³ /s
16.6 – 14.8	10 m ³ /s
15.8 – 20.8	Jamt aukande frå 10 m ³ /s til 20 m ³ /s
21.8 – 23.8	Jamt minkande frå 20 m ³ /s til 10 m ³ /s
24.8 – 29.8	Jamt aukande frå 10 m ³ /s til 20 m ³ /s
30.8 – 1.9	Jamt minkande frå 20 m ³ /s til 10 m ³ /s
2.9 – 31.10	10 m ³ /s
1.11 – 31.12	5 m ³ /s



Figur 5.4 Forslag til minstevassføring i Opo

Forslaget inneber varierende slepp over året. Det er føreslått auka slepp under smoltutvandringa i mai og to kortvarige aukingar i slutten av august for å stimulere vandringa opp i elva. Utvandringa av smolt kan vare noko lenger enn til 15.5, og minstevassføringa er difor på eit mellomnivå ($15 \text{ m}^3/\text{s}$) ein periode ut i juni. Dei lågaste vassføringane i sommarsesongen er lagt på $10 \text{ m}^3/\text{s}$ som hjelper til å gi eit gunstig vassdekt areal i elva. Vinterstid er vassføringa i Opo svært låg, og jamnleg under føreslått minstevassføring. I periodar der tilsiget er mindre enn dei føreslegne minstevassføringane, vert heile tilsiget sleppt til Opo. Når det er overløp over terskelen i Sandvinvatnet vert vassføring i Opo større enn minstevassføringa.

Føreslege minstevassføring er basert på 5-persentilen til vassføringa for Opo. Det er gjort ein fagleg vurdering av korleis denne vassmengda kan nyttas til det beste for det akvatiske livet i elva. På bakgrunn av dette er det føreslått ei minstevassføring som er høgare enn 5-persentilen om vinteren og lågare enn denne om sommaren. Samla over året er føreslege minstevassføring noko høgare enn gjennomsnittleg 5-persentil av vassføringa i Opo.

Tabell 5.4 Samanlikning av gjennomsnittleg vassføring 5-persentil og forslag til minstevassføring

Periode	Eining	5-persentil (1961-1990)	Forslag til minstevassføring
Gjennomsnitt vinter	m ³ /s	1,8	5,8
Gjennomsnitt sommar	m ³ /s	16,5	13,6
Gjennomsnitt heile året	m ³ /s	7,6	8,9

Tabell 5.5 viser fordelinga av samla tilsig over simuleringsperioden med den føreslåtte minstevassføringa. Tabellen syner at med tiltaket vil 30 % av dagens vassføring gå i Opo, medan 70 % går i flaumkraftverket.

Tabell 5.5 Fordeling av samla tilsig mellom minstevassføring, Opo og flaumtunnel

	Fordeling
Driftsvassføring kraftverk	69 %
Vassføring Opo	30 %
Vassføring flaumtunnel	1 %
Totalt	100 %

Bilete med ulike vassføringar i Opo er vist i Figur 5.5 til Figur 5.8. Fleire bilete finst i vedlegg I.



Figur 5.5 Opo med vassføring 4 m³/s, sett frå Mannsåker, 7.3.2017



Figur 5.6 Opo med vassføring 9 m³/s, sett frå Mannsåker, 19.4.2017



Figur 5.7 Opo med vassføring 14 m³/s, sett frå Mannsåker, 11.2.2016



Figur 5.8 Opo med vassføring 21 m³/s, sett frå Mannsåker, 28.8.2017

5.2.2 Vassføring flaumtunnel

Det er lagt til grunn at flaumlukene vert opna slik at vasstanden i Sandvinvatnet ikkje skal overstiga kote 88,3 moh. På denne vasstanden vil det gå om lag $150 \text{ m}^3/\text{s}$ i Opo, i tillegg til $75 \text{ m}^3/\text{s}$ i kraftstasjonen før flaumlukene vert opna. Etter flaumlukene vert opna, stoppar kraftverket gradvis. Ved aukande vassføring opnar flaumlukene gradvis og gjev auka vassføring i flaumtunnelen, mens vasstanden vert helden på kote 88,3 moh. Vasstanden i Sandvinvatnet stig vidare først når vassføringa gjennom flaumtunnelen når maksimalverdien på $500 \text{ m}^3/\text{s}$.

Kraftverket med slukeevne på $75 \text{ m}^3/\text{s}$ vil også ha ein flaumdempende effekt. Dette gjer at behovet for å opne flaumlukene vert mindre enn ei løysing med flaumtunnel utan kraftverk.

Ved simulering av vassføringa i flaumtunnelen er det brukt vassføringsdata frå perioden 1998-september 2017. Det er ikkje lagt til klimapåslag i desse simuleringane. Episodane med bruk av flaumtunnelen er vist i Tabell 5.6. For kvar episode viser den tal på timar med opne flaumluker, maksimal vassføring i tunnelen og Opo, samt maksimal vassføring i Opo utan flaumtunnel. Simuleringane viser at flaumtunnelen vert brukt 23 gongar på desse nesten 20 åra, som gjev eit gjennomsnitt på litt over ein gong årleg. I dei 16 første åra av perioden (1998-2013), ville flaumlukene opna 15 gongar, det vil seia like under ein gong i året. I siste del av perioden (2014-september 2017) ville flaumlukene opna 8 gongar på under 4 år, som svarer til om lag to gonger i året. Tabellen viser også at flaumtunnelen er meir i bruk i det tørre året 2010 enn i det våre året 2007. Flaum kan altså oppstå når som helst, og uavhengig av samla nedbørmengde det året.

I alle flaumsituasjonane i perioden, med unnatak av flaumen i 2014, ville vasstanden i Sandvinvatnet med flaumtunnel vore kontrollert på kote 88,3. Under flaumen i 2014 ville vasstanden vore på kote 88,6.

Tabell 5.6 Simulert bruk av flaumtunnelen (1998-september 2017)


Tidspunkt	Vassføring i Opo		Vassføring i flaumtunnelen (m ³ /s)	Antall timar open tunnel
	Utan flaumkraftverk (m ³ /s)	Med flaumkraftverk (m ³ /s)		
20-21.06.1999	276	150	126	14
02.11.1999	247	150	97	4
17-18.05.2000	293	150	143	18
13-14.06.2000	275	150	125	12
25.09.2003	537	150	387	3
15.11.2004	304	150	154	7
14-15.09.2005	568	150	418	16
14-15.11.2005	382	150	232	17
06.11.2006	264	150	114	10
01.11.2007	312	150	162	8
26.10.2008	238	150	88	2
20-21.11.2009	306	150	156	8
07.10.2010	363	150	213	15
29-30.06.2011	384	150	234	29
27.11.2011	454	150	304	9
26-29.10.2014	778	278	500	73
3-4.6.2015	236	150	86	14
5-6.12.2015	241	150	91	11
20-21.12.2015	354	150	204	43
10.8.2016	230	150	80	5
30.9-1.10.2016	266	150	116	14
1.1.2017	269	150	119	12
19-20.5.2017	255	150	105	15

5.2.3 Driftsvassføringar kraftverk


Kraftverket får ei slukeevne på 75 m³/s. Køyrestrategien er skildra i kapittel 4.4.2.

Driftsvassføringar i dei tre typiske åra er vist i Figur 5.9 til Figur 5.11. Av figurane går det tydeleg fram korleis kraftstasjonen står i periodar om vinteren, og då særleg i det tørre året, grunna tilsig lågare enn minstevassføringa på 5 m³/s.


Midlare driftsvassføring over året varierer mykje frå det tørre året til det våte året. I det tørre året 2010 var denne på 16,3 m³/s, i det midlare året 2013 på 26,7 m³/s og i det våte året 2007 på 33,6 m³/s.



Figur 5.9 Simulert driftsvassføring i det tørre året 2010




Figur 5.10 Simulert driftsvassføring i det midlere året 2013



Figur 5.11 Simulert driftsvassføring i det våte året 2007

5.2.4 Sandvinvatnet


Sandvinvatnet har eit areal på 4,37 km². Det er planlagt å kunna nytta vatnet mellom LRV på kote 86,5 og HRV på kote 87,4, tilsvarande eit volum på 3,9 mill.m³. Desse reguleringsgrensene er funne som 10- og 90-persentila for observerte vasstendar i vatnet. Den regulerte vasstanden i Sandvinvatnet vil difor variere innanfor det naturlege variasjonsområdet for vasstendar i vatnet. Magasinkurva til Sandvinvatnet er vist i Figur 5.12.




Figur 5.12 Magasinkurve for Sandvinvatnet

Daglege verdiar for maksimums-, middel- og minimumsvasstendar for observerte daglege vasstendar siste 30-års periode er vist i Figur 5.13. I denne perioden var lågaste vasstand 86,18 moh (registrert 21.3.1987). Høgaste registrerte vasstand var under flaumen i oktober 2014, med 89,84 moh. På figuren er dei planlagde reguleringsgrensene teikna inn, og grensa for opning av flaumlukene. Med tiltaket vert vasstanden aldri lågare enn LRV. Vasstanden vert høgare enn føreslått HRV når tilsiget overstig summen av minstevassføring og kraftverkets slukeevne. Figuren viser at vasstanden i dag jamnleg er høgare enn grensa for opning av flaumlukene på kote 88,3. Tiltaket reduserer talet på hendingar med vasstand over kote 88,3 og reduserer dei høgaste vasstandane.


Moglege verknadar av reguleringa på vasstandane i Sandvinvatnet er vist i Figur 5.14 til Figur 5.16 i dei tre typiske åra. Fordi vasstandsvariasjonane med kraftverket i enkelte periodar av året vert forholdsvis raske, er verknadane vist med timesoppløysning på dataa.




Figur 5.13 Observerte vasstandar i Sandvinvatnet siste 30-årsperiode



Figur 5.14 Vasstandar i Sandvinvatnet i eit tørt år (2010), med og utan regulering



Figur 5.15 Vasstandar i Sandvinvatnet i eit midlare år (2013), med og utan regulering



Figur 5.16 Vasstandar i Sandvinvatnet i eit vått år (2007), med og utan regulering



Figur 5.17 Sandvinvatnet med vasstand 86,6 moh, 19.4.2017



Figur 5.18 Sandvinvatnet med vasstand 87,9 moh, 19.5.2017

Figur 5.17 og Figur 5.18 viser Sandvinvatnet ved låg og høg vasstand. Fleire bilete finst i vedlegg I.

5.2.5 Opo

Elvestrekninga som vert rørt av prosjektet strekker seg frå Sandvinvatnet til Sørfjorden, og er drygt 2 km lang. Lokalfeltet er svært avgrensa og vassføringa er antatt å vera uforandra heile strekninga ned til fjorden. Utrekna vassføring i Opo ved utlaup Sandvinvatnet er difor lagt til grunn som vassføring i heile Opo.

Middelvassføringar per månad i Opo ut frå Sandvinvatnet er vist i Tabell 5.7, med dagens tilhøve, og med regulering. Tabellen viser òg regulert vassføring som prosentdel av uregulert vassføring.

Tabell 5.7 Middelvassføringar per månad (m³/s) (1998-2014) i Opo. Siste rad viser vassføringa etter tiltaket, samanlikna med vassføringa i dag.


Vassføring i Opo	Jan	Feb	Mar	Apr	Mai	Jun	Jul	Aug	Sep	Okt	Nov	Des	År
Uregulert	13,1	10,6	9,6	23,3	57,3	80,2	71,7	50,0	48,3	42,0	33,5	18,1	38,3
Regulert	4,5	4,1	4,0	7,5	21,7	22,5	17,9	14,5	13,6	13,7	9,2	4,8	11,5
Rest-vassføring	34%	38%	41%	32%	38%	28%	25%	29%	28%	33%	28%	27%	30%

Tabell 5.8 viser tal på dagar i dei tre typiske åra med overlaup på terskelen i Sandvinvatnet, noko som medfører vassføring i Opo som er større enn minstevassføringa. Med mindre flaumlukene er opne, er kraftverket då i drift. Tabellen viser òg tal på dagar med drift i kraftverket utan overlaup. I tillegg viser tabellen tal på dagar med stans i kraftverket og fylling av magasinet. På slike dagar vert det sleppt minstevassføring til Opo. Tabellen viser òg tal på dagar med tilsig lågare enn minstevassføringa. I slike tilfelle står kraftstasjonen og alt tilsiget vert sleppt direkte vidare til Opo.


Verknadar på vassføringar i Opo i dei tre typiske åra er vist i Figur 5.19 til Figur 5.21.

Tabell 5.8 Tal på dagar med ulike driftsforhold i dei tre typiske åra


	Vassføring Opo	Tørt år 2010	Midlare år 2013	Vått år 2007
Overlaup på terskelen i Sandvinvatnet	Overlaup terskel	9	32	60
Drift i kraftverket utan overlaup	Minstevassføring	137	186	181
Stans i kraftstasjonen og fylling i magasinet		53	39	94
Tilsig lågare enn minstevassføringa til Opo	Heile tilsiget	166	108	30
Sum		365	365	365



Figur 5.19 Vassføring i Opo i eit tørt år (2010), med og utan regulering



Figur 5.20 Vassføring i Opo i eit midlare år (2013), med og utan regulering



Figur 5.21 Vassføring i Opo i eit vått år (2007), med og utan regulering

5.2.6 Avlaupsstasjon 48.1 Sandvenvatn

Bruk og verdi

Målestasjon 48.1 Sandvenvatn er ein av NVE sine forvaltningsstasjonar og er viktig for det nasjonale stasjonsnett, då dette er ein av Noregs lengste vassføringsseriar, med data frå 1908.

Flaumvarslingstenesta til NVE har valt ut 150 målestasjonar som skal ha høg prioritet med omsyn til oppfølging og datakvalitet. 48.1 Sandvenvatn er ein av desse, og er viktig for lokale vurderingar under flaumsituasjonar i Opo.

Konsekvensar

Etablering av ein flaumtunnel mellom Sandvinvatnet og Sørfjorden, samt bygging av eit kraftverk med regulering i Sandvinvatnet, vil bryta den lange måleserien med uregulerte data frå 48.1 Sandvenvatn. Dette får direkte verknad inn på flaumvarslinga sin flaumstatistikk, og stasjonen vil ikkje lenger kunna ingå i dei 150 stasjonane som NVE har valt ut som spesielt viktige for flaumvarslingstenesta.

Moglege avbøtande tiltak

Etter bygging av terskel i utlaupet av Sandvinvatnet må ein måla opp ein ny vassføringskurve for denne, slik at ein ved overlaup over terskelen kan bestemma vassføringa i Opo ut frå registrert vasstand i Sandvinvatnet. Med kraftverket i drift vil fortsatt vasstandar bli registrert i Sandvinvatnet. Frå data på magasinvasstand, driftsvassføring, minstevassføringslepp og eventuelt overlaup på terskelen i utløpet vil ein òg i framtida kunne rekne ut totalavrenning til sjøen. Ein kan difor få tilsvarande data for tilsiget til Sandvinvatnet etter ei utbygging som i dag.

Om ein skulle erstatta 48.1 Sandvenvatn med ein annan uregulert avlaupsstasjon i vassdraget, kan ein etablere ein ny stasjon i nedre del av Storelva. Storelva er den største tillaupeelva til Sandvinvatnet. Alternativt kan det vera aktuelt å etablere ein erstatningsstasjon i eit anna nærliggande uregulert vassdrag.

5.3 Flaumtilhøve

NVE gjorde ei flaumberekning for Opo i etterkant av flaumen i 2014 (Væringstad, 2015). Frå NVE si berekning er det henta nokre kulminasjonsverdiar for berekna flaumar med ulike gjentaksintervall (Tabell 5.9). I Sandvinvatnet vil flaumtunnelen resultera i klart lågare maksimale vasstander i ein flaumsituasjon. Tabellen viser også vasstander i Sandvinvatnet for berekna flaumar i Opo med dagens tilhøve og med flaumtunnel.

Tabell 5.9 Naturlege flaumar til Opo, kulminasjonsvassføringar, og berekna kulminasjonsvassføringar i Opo med flaumtunnel. Årleg middelflaum merka Q_M , og flaumar med gjentaksintervall T år merka Q_T . Flaumlukene er ikkje fullt opne før samla vassføring er $650 \text{ m}^3/\text{s}$. (Kjelde: Væringstad, 2015). Maksimale flaumvasstandar i Sandvinvatnet ved berekna flaumea i Opo ut av vatnet. Med og utan flaumkraftverk. Årleg middelflaum merka Q_M , og flaumar med gjentaksintervall T år merka Q_T .


Vassføring Opo	Q_M	Q_{10}	Q_{50}	Q_{100}	Q_{200}	Q_{500}	Q_{1000}
Dagens tilhøve (m ³ /s)	330	450	600	670	740	850	940
Med flaumtunnel (m ³ /s)	150	150	150	170	240	350	440
Vasstand Sandvinvatn	Q_M	Q_{10}	Q_{50}	Q_{100}	Q_{200}	Q_{500}	Q_{1000}
Dagens tilhøve (moh)	88,6	89,0	89,4	89,6	89,7	90,0	90,2
Med flaumtunnel (moh)	88,3	88,3	88,3	88,4	88,7	89,0	89,2

5.3.1 Flaumsonekart


Flaumsonekart er faresonekart for flaum. Dei viser kva område som vert fløymd ved flaumar med ulike gjentaksintervall. Det er laga flaumsonekart for Sandvinvatnet for ein 200-årsflaum og for Opo for ein 1000-årsflaum. Karta er laga både for dagens tilhøve (utan flaumtunnel, men med NVE sine pågåande sikringsarbeider i Opo), og med ein flaumtunnel.

Flaumsonekart Sandvinvatnet

Figur 5.22 og Figur 5.23 viser utsnitt frå flaumsonekart for Sandvinvatnet i ein 200-årsflaum. Fullstendige kart finst i fagrapport Hydrologi og flaum (vedlegg K-2). Karta viser flaumsonane som følgje av vasstandsstiging i Sandvinvatnet, men ikkje flaumsonane som følgje av flaumvassføring i Storelva



Figur 5.22 Utsnitt frå flaumsonekart for nord i Sandvinvatnet for ein 200-årsflaum, med og utan flaumkraftverk




Figur 5.23 Utsnitt av flaumsonekart for sør i Sandvinvatnet for ein 200-årsflaum, med og utan flaumkraftverk

Flaumsonekart Opo

Figur 5.24 viser eit utsnitt frå flaumsonekart for Opo i ein 1000-årsflaum. Fullstendige kart finst i fagrapport Hydrologi og flaum (vedlegg K-2). Ved store vassføringar er det ikkje berre fløyning som skapar problem, men det kan òg oppstå erosjon og utgravingar. I flaumsonekartet er det lagt til grunn at det ikkje oppstår erosjon eller utgraving. Dersom dette oppstår, vert større område dekt av vatn enn det som går fram av flaumsonekartet.

I kartet på Figur 5.24 er det sett på vasstandsstiging i Opo, og kva for effekt dette har på områda nærast Opo. Lengda på dei raude linene som går på tvers av Opo viser området det er rekna på. Det går fram at ved ein 1000-årsflaum utan Opo-flaumkraftverk, vert brua der Rv 13 kryssar Opo overfløymd. I ein slik situasjon vil det også gå vatn inn over Odda sentrum. Dette inneber at ei meir utvida flaumsonekartlegging kan visa at større areal vert råka, men at vasstanden vert noko lågare.



Figur 5.24 Utsnitt frå flomsonekart for Oppeim nedre del, for ein 1000-årsflaum, med og utan flaumkraftverk

5.4 Klimaendringar

5.4.1 Grunnlag

På bakgrunn av rapportar frå FN sitt klimapanel (IPCC) er det i Norge stor fagleg og politisk semje om at ein må forventa endringar i klimaet. Dette er venta å gje endringar i mellom anna nedbør og flaum.

NVE har ansvaret for å betra samfunnet si evne til å handtera flaum, og er nasjonal faginstusjon for hydrologi. NVE har utarbeidd klimatilpassingsstrategi 2015-2019 med utgangspunkt i FN sine oppdaterte klimaframskrivingar. Denne seier at klimaframskrivingane er usikre, men at dei grunnleggjande trendane er tydelege og at vi veit nok til å handle no. Det vert presentert som eit prinsipp at for tiltak med lang levetid skal klimaframskrivingar leggjast til grunn. Også Hordaland fylkeskommune legg til grunn at klimaet vil endra seg og gje meir flaum, og samfunnet må tilpassa seg dette nye klimaet (Klimaplan for Hordaland fylkeskommune 2014-2030).

Samla årsnedbør er utrekna til å auka med om lag 15 %, men dei største endringane er venta innanfor året for dei einskilde sesongane. Anbefalt klimapåslag på flaumvassføring er 20 % eller 40 % for alle nedbørfelt i Hordaland. I stortingsproposisjonen (Prop. 11S (2016-2017)) som låg til grunn for Stortinget si opning av konsesjonshandsaming av omsøkt prosjekt, heiter det at NVE anbefaler at det vert rekna eit klimapåslag på 40 % i Opo-vassdraget.

I tråd med konsekvensutgreiingsprogrammet er alle utrekningar som ligg til grunn for resultatata presentert i kapittel 5.1 til 5.3 basert på dagens hydrologi utan noko tillegg for venta endringar. Tek ein høgde for venta klimaendringar ved vurderinga av tiltaket, vil det gje ein situasjon med meir vatn i Opo og oftare opning av flaumlukene.

Tiltakshavar meiner venta klimaendringar må leggjast til grunn for vurderinga av tiltaket, og har i tråd med NVE si anbefaling lagt til grunn ein auke på 40 % på flaumvassføringane i vassdraget.

5.4.2 Effektar

I 2015 utarbeidde Norsk klimaservicesenter (NKSS) eit oppdatert kunnskapsgrunnlag for klimatilpassing i Norge fram mot år 2100 (Hanssen-Bauer m.fl. 2015).

På Vestlandet vil generelt temperatur og nedbør auka. Også talet på dagar med kraftig nedbør og nedbørmengder på dagar med kraftig nedbør vil auke. Høgare vintertemperatur vil gje mindre snønedbør. Grunna mindre snøsmelting vil vassføringa om sommaren minka. Vassføringa om vinter og haust vil auka. Det er venta oftare flaumar, og storleiken på flaumane vil auka.

I nedbørfeltet til Opo er det bre i delfeltet til Jordalselvi. Ein ventar at breane vil minka, og dette vil føra til endringar i vassføringsregimet i Jordalselvi. Dette står rett nok berre for ein liten del av vassføringa i Opo, og vil berre få mindre verdi for vassføringane i Opo.

Det er venta redusert islegging. Spesielt vil dette gjelda for eit lågtliggjande vatn som Sandvinvatnet. Vatnet har allereie i dag vekslende isforhold, med lite og dårlig is i mange vintrar.

Eventuelt auka erosjon og massetransport vil primært koma i tilførsleelvane til Sandvinvatnet og vil ikkje røra flaumkraftverket direkte. Ein eventuell auke av skredfaren i Odda vil også kunna bety noko for flaumkraftverket sine installasjonar. Desse installasjonane er rett nok samlokalisert med busetnad og annan infrastruktur i og ved Odda. Ein eventuell framtidig auka skredfare vil måtta handterast tilsvarande som for øvrige område i Odda.

For Opo flaumkraftverk er det spesielt auka flaumar som vil ha bety noko. Flaumkraftverket med flaumtunnelen er i seg sjølv eit aktuelt klimatilpassingstiltak. Flaumtunnelen vil gje monaleg auka tryggleik mot flaumskadar rundt Sandvinvatnet. Sjølve Opo vil også bli sikra ytterlegare ut over den flaumsikringen som pågåande arbeid i regi av NVE vil gje.

Sidan Opo flaumkraftverk har svært liten regulering, og ikkje høve til sesongregulering, vil endra avrenning over året medføra tilsvarande endringar i produsert kraft til ulike tider av året, men også risiko for auka flaumtap i periodar med intens nedbør.

6 Forslag til manøvreringsreglement

Med unntak av to små overførde delfelt, er vassdraget i dag uregulert. Det er føreslått eit manøvreringsreglement som dekker både flaumsikring og kraftproduksjon. Vidare vert det føreslått at profilen på minstevassføringa og grensene for drift av flaumtunnelen vert teken opp til revisjon innan 5 år etter gitt konsesjon.

I. Regulering

Sandvinvatnet kan regulerast mellom kote 86,5 og 87,4.

II. Flaumsikring

Flaumlukene skal vera opne når vasstanden i Sandvinvatnet er på kote 88,3 eller høgare. Det vidare arbeidet kan gje justering i denne kotehøgda. Lukene skal gradvis opnast inntil full opning slik at vasstanden ikkje aukar vidare. Vassdragsstyresmaktene kan under særlege tilhøve krevja at flaumlukene skal opnast også ved lågare vasstand i Sandvinvatnet.

III. Minstevassføring

Det skal sleppast ei minstevassføring frå Sandvinvatnet på minimum:

Dato	Minstevassføring i Opo
1.1 – 14.4	5 m ³ /s
15.4 – 30.4	10 m ³ /s
1.5 – 20.5	20 m ³ /s
21.5 – 15.6	15 m ³ /s
16.6 – 14.8	10 m ³ /s
15.8 – 20.8	Jamt aukande frå 10 m ³ /s til 20 m ³ /s
21.8 – 23.8	Jamt minkande frå 20 m ³ /s til 10 m ³ /s
24.8 – 29.8	Jamt aukande frå 10 m ³ /s til 20 m ³ /s
30.8 – 1.9	Jamt minkande frå 20 m ³ /s til 10 m ³ /s
2.9 – 31.10	10 m ³ /s
1.11 – 31.12	5 m ³ /s

Dersom vassføringa i Opo i perioden 1.8 til 14.8 oppfyller kravet gitt for perioden 15.8 til 31.8, kan kravet i perioden 15.8 til 31.8 reduserast til 10 m³/s.

Dersom tilsiget er lågare enn kravet til minstevassføring, skal kraftverket ikkje vera i drift og heile tilsiget skal sleppast i Opo.

IV. Endringar i manøvreringsreglementet

Det vert føreslått at grensene for opning av flaumlukene og minstevassregimet vert tekne opp til vurdering innan 5 år etter gitt konsesjon. Ved eventuelle endringar skal det leggast til grunn at dei ikkje gjev vesentlege negative konsekvensar for kraftproduksjonen. Tiltakshavar skal saman med vassdragsmynde kunna testa ut varierende driftsmønster i forkant av revideringa.

Forslag til manøvreringsreglement er gjeve i vedlegg D.

7 Arealbruk og eigedomstilhøve

7.1 Arealbruk

Mellombels og permanent arealbruk for flaumkraftverket er estimert og presentert i Tabell 7.1.

Tabell 7.1 Mellombels og permanent arealbruk for Opo flaumkraftverk

Type inngrep	Mellombels arealbehov (da)	Permanent arealbehov (da)
Forskjering for inntak i Sandvinvatnet og forskjering for tilkomst til flaumtunnel og lukehus til inntaksluker	-	2,0
Omlegging av veg, og riggområde ved inntaket	10,0	-
Forskjering og riggområde for tilkomst til flaumluker Erreflot	1,2	0,2
Forskjering og riggområde for tilkomst til kraftstasjonshall Bygda	1,0	0,6
Konstruksjon ved luftesjakt og mellombels tilkomst Hetleflot	3	0,2
Forskjering ved rundkøyring i krysset Eitrheimsvegen-Opheimsgata for tilkomst til avlaupstunnel	0,2	0,2
Utlaup Kleivavika	-	1,2
Mellombels omlegging av veg ved utlaup Kleivavika	0,5	-
Terskel, fiskepassasje og luke for minstevassføring ved utlaupet til Sandvinvatnet	1,5	1,3
Kabeltrasé	1,4	0,7
Fisketrapp	4	1
Riggområde verkstad og lager	10	-
Riggområde forlegning	20	-
Sum arealbruk	52,8	7,4

Etablering av deponi tilfører nye bruksareal for området rundt Odda. Eit estimat av storleiken på dei nye landareala finst i Tabell 7.2.

Tabell 7.2 Arealbruk deponi Odda

Deponi	Nytt, permanent areal (da)	Bruksområde
Deponi Odda Camping	13,3	Campingområde
Deponi Sørfjordsenteret	5,5	Byutvikling
Deponi Stranda	9,7	Småbåthavn
Sum	28,5	

Som skildra i kapittel 4.1.7, er deponi Vasstun eit alternativt deponiområde.

7.2 Eigedomstilhøve

7.2.1 Fallrettar

Tiltaket nyttar vassfallet i Opo frå utlaupet av Sandvinvatnet og ned til sjøen (Sørfjorden), rekna til 87,4 fallmeter. Fallet i Opo er eigd delvis av Odda kommune og delvis av ei rekke private eigarar. SKL har inngått avtale med Odda kommune om bruk av deira rettar, som utgjer om lag 50 % av fallet. Dei private eigarane har gått saman i eit forhandlingsutval og er i forhandlingar med SKL. Partane er samde om at dersom ein ikkje oppnår semje om ein avtale, skal saka avgjerast ved skjønn. Ei oversikt over fallrettshavarar er gjeve i vedlegg E.

7.2.2 Råka areal

Naudsynt areal er omtalt i kapittel 7.1. Sidan tiltaket ligg i Odda sentrum er det svært mange grunneigarar som vert råka i større eller mindre grad. Nokre areal vert direkte råka, mens andre vert meir indirekte råka ved at det går ein tunnel under eigedomen.

SKL har intensjon om å inngå minnelege avtalar med alle dei råka grunneigarane. SKL har inngått avtale med Odda kommune om bruk av deira areal. Grunna det høge talet på grunneigarar har SKL ikkje starta forhandlingar med dei andre grunneigarane før innsending av konsesjonssøknad. Alle grunneigarar har fått tilsendt informasjon om korleis deira eigedom vert råka. Ei oversikt over råka grunneigarar, og korleis dei er råka, er gjeve i vedlegg F og G.

7.2.3 Oreigning

Dersom ein ikkje kjem fram til minnelege avtalar med innehaverane av naudsynte rettar, er det trong for oreigning for å kunne erverva desse rettane. Vassressurslova, § 19, seier at vassdragsreguleringslova, § 16 1-3, gjeld for elvekraftverk med midlare årsproduksjon over 40 GWh. Det inneber at eit konsesjonsvedtak etter vassressurslova automatisk gjev oreigningsløyve i tråd med reglane gitt i oreigningslova. Det vert difor ikkje søkt spesifikt om oreigningsløyve etter oreigningslova.

Det vert søkt om førehandsfråsegn, dersom ein ikkje lukkast å inngå minnelege avtalar.

8 Kostnadsoverslag

Utbygginga av Opo flaumkraftverk er kostnadsrekna til om lag 600 mill. NOK. Som vist i Tabell 8.1, er i underkant av 50 % av dette kostnader knytt til flaumverket. Kostnadane er basert på erfaringstal og einingsprisar frå pågåande og nyleg avslutta tilsvarande arbeid. Beløpet for flaumverket representerer kostnadane for å realisere flaumverket utan tilknytt kraftverk.

Tabell 8.1 Berekna utbyggingskostnader for Opo flaumkraftverk, fordelt på flaumverk og kraftverk

	Kostnad i mill. NOK
Flaumverk	290
Kraftverk	310
Totalt	600

9 Flaum- og produksjonsutrekningar

9.1 Flaum

Målet med tiltaket er å sikra Odda sentrum og områda kring Sandvinvatnet mot store flaumar. Tiltaket vil redusera framtidige flaumvassføringar i Opo med 500 m³/s, og redusera flaumvasstandane i Sandvinvatnet monaleg. Saman med NVE sin flaumforbygging vil tiltaket føra til at bustader ved Sandvinvatnet vert flaumsikra mot ein 200-årsflom, inkludert 40 % klimapåslag, og Opo vert sikra mot ein 1000-årsflom inkludert 40 % klimapåslag.

Tabell 9.1 viser vassføringa i Opo og vasstand i Sandvinvatnet ved flaumar med ulike gjentaksintervall og 40 % klimapåslag.

Tabell 9.1 Vassføring i Opo og flaumvasstandar i Sandvinvatnet med installert flaumtunnel. Data er vist for flaumar med ulike gjentaksintervall inkludert 40 % klimapåslag (Væringstad, NVE 2015).

Flaumintervall*	Vassføring i Opo		Vasstand Sandvinvatnet	
	Utan flaumkraftverk (m ³ /s)	Med flaumkraftverk (m ³ /s)	Utan flaumkraftverk (moh)	Med flaumkraftverk (moh)
Q _m	330	150	88,6	88,3
Q _{m,40}	460	150	89,0	88,3
Q _{5,40}	540	150	89,2	88,3
Q _{10,40}	630	150	89,5	88,3
Q _{20,40}	710	210	89,7	88,5
Q _{50,40}	840	340	90,0	88,7
Q _{100,40}	930	430	90,2	89,1
Q _{200,40}	1040	540	90,4	89,2
Q _{1000,40}	1320	820	**	90,0

*Q_m =middelflaum, Q_{m,40}= middelflaum med 40 % klimapåslag, Q_{5,40}= 5-årsflaum med 40 % klimapåslag, osb.

**Vasstand for 1000-årsflaum inklusive 40 % klimapåslag er ikkje omtalt i Væringstad 2015

Tabellen viser at dagens middelflaum i Sandvinvatnet vert redusert med om lag 30 cm. Flaumvasstanden i 2014, som gav ei vassføring i Opo på om lag 775 m³/s ville vore redusert med meir enn ein meter.

Figur 9.1 viser eit utsnitt av flaumsonekart over nedre del av Opo ved ein 1000-årsflaum inkludert 40 % klimapåslag (henta frå notat i vedlegg H). Figuren syner området der Rv 13 kryssar nedre del av Opo (Opo-brua). Den svarte linja viser berekningsprofil 238 frå flaumsonekarta. Fløymt areal er markert med blått. Den kvite stipla linja i Figur 9.2 viser vassnivået ved profil 238. Dette indikerer utfordringa Odda står ovanfor ved auka flaumfare grunna klimaendringar.



Figur 9.1 Utsnitt fra flaumsonekart for nedre del av Opo (profil 238) ved 1000-årsflaum med 40 % klimapåslag



Figur 9.2 Nedre del av Opo. Stipla linje viser vasstand i Opo ved 1000-årsflaum med 40 % klimapåslag for profil 238 fra flaumsonekart vist i Figur 9.1

9.2 Produksjonsutrekningar

Årsmiddelproduksjon til Opo flaumkraftverk er rekna til om lag 170 GWh. Tabell 9.2 viser produksjonsutrekningar utført på timedata i perioden 1998-2014.

Tabell 9.2 Utrekna produksjon for Opo flaumkraftverk

	Produksjon (årsmiddel) (GWh)
Vinter (1.10-30.4)	53
Sommar (1.5-30.9)	117
Totalt	170

Naturhestekrefter

Ved konsesjon etter vassdragsreguleringslova og/eller vassfallskonsesjonslova skal auke i naturhestekreftar som følgje av reguleringa reknast ut av NVE. Denne auken ligg mellom anna til grunn for kva for lov det må søkast om konsesjon i medhald av. Ved ei førebels utrekning har SKL lagt til grunn data frå NVE Atlas for tidsserien 1961-1990. Utrekna etter reglane i vassdragsreguleringslova gjev tiltaket tilnærma ingen vassføringsauke, og dermed ingen naturhestekrefter. Utrekna etter vassfallskonsesjonslova gjev tiltaket om lag 5 400 naturhestekreftar. Trekk ein frå føreslått minstevassføring gjev tiltaket like over 4 000 naturhestekrefter.

10 Samfunnsmessige fordelar

10.1 Flaumsikring

Bakgrunnen for tiltaket er å gje Odda sentrum og områda rundt Sandvinvatnet ei varig og robust flaumsikring. Tiltaket sikrar Odda sentrum med alt som det inneber av både faktisk og opplevd tryggleik for sentral infrastruktur, privat og offentleg eigedom. Flaumdempinga trygger investeringar i bustadane langs Opo og Sandvinvatnet. Tiltaket vil òg føre til ei meir føreseieleg framtid for jordbruk og gardsdrift langs Sandvinvatnet, i form av redusert risiko for flaum over innmark og fulldyrka jord.

Det er store samfunnsmessige kostnader knytt til skadar ved flaum i Opo og Sandvinvatnet, og tiltaket vil redusera reperasjons- og erstatningskostnader for innbyggjarar, kommune og stat. Det er også store kostnader knytt til utbygging og drift av alternative flaumsikringstiltak. Føreslått tiltak er fullfinansiert både under utbygging og i driftsfasen. I tillegg vil tiltaket redusera vedlikehaldsbehovet og dermed kostnadane ved eksisterande flaumsikring ved at flaumane i Opo vert redusert.

10.2 Andre tilhøve

Opo flaumkraftverk gjev 170 GWh ny fornybar energi.

I samband med utbygginga vert overskotsmassar lagt i deponi i samråd med Odda kommune. Dei føreslegne deponia vil bidra positivt til utvikling av Odda sentrum og områda rundt, gjennom å gje byen sårt tiltrengde areal.


Tiltaket vil òg gje samfunnsmessige ringverknadar i form av auka skatteinntekt til kommune, fylke og stat.

11 Tilhøvet til offentlege planar

11.1 Verneplanar

Opo m/Låtefoss (Vassdragsnr. 048/2) vart verna mot vasskraftutbygging gjennom vedtak i Stortinget 6. april 1973, Verneplan I. Vassdraget er eitt av fleire verna vassdrag i dette geografiske området, og avgrensa som vist i Figur 11.1.

7. desember 2016 gjorde Stortinget vedtak om å opne for konsesjonshandsaming av SKL sine planar for kombinert utbygging av flaumtunnel og vasskraftverk i nedre del av Opo-vassdraget. Vedtaket gjev ingen endring i vernestatusen til vassdraget.



Figur 11.1 Vassdragsvern og geografisk avgrensing av dette. «Opo m/Låtefoss» er avgrensa med blå linje. I vest ligg Folgefonna nasjonalpark og i aust Hardangervidda nasjonalpark (grøn skravur). Buer landskapsvernområde er merka (lysare grønt) like vest for Sandvinvatnet og drenerer til dette. Hildal naturreservat (raudt) er eit edellauvskogreservat, og ligg om lag 9 km sør for Odda. Tiltaksområdet er markert (svart ring). (Kjelde: NIBIO)

Grunnlaget for vernet er «det urørde». Vassdraget er ein viktig del av eit attraktivt og kontrastrikt landskap. Største delen av vassdraget ligg på høgfjellet, der elvar og vatn er viktige delar av vassdraget. Frå kanten av platået fell elvane i kraftige fossar bratt ned i dalbotnen og vidare ned til fjorden. Det er stort naturmangfald i vassdraget. Store delar av fjellområdet ligg i nasjonalpark. Området er mykje brukt til friluftsliv.

Omsøkt tiltak er konsentrert om elva Opo, som er avgrensa til den 2,3 km lange strekninga gjennom Odda sentrum frå Sandvinvatnet (87 moh) til Sørfjorden. På strekninga finn ein

bustadhus og industri på begge sider av elva. Det er fleire bruer som kryssar, og det er flaumforbyggingar på begge sider, særleg i nedre del av Opo. Opo skil seg frå resten av vassdraget både ved at den går gjennom ein by, og ved at sjølve elva ikkje er urørt. Tiltakshavar meiner konsekvensutgreiinga viser at verneverdiane i vassdraget i svært liten grad vert råka.

11.2 Nasjonalt laksevassdrag

Opo-vassdraget er ikkje eit nasjonalt laksevassdrag. Sørfjorden har ikkje status som nasjonal laksefjord. Fjordområdet lokalt, inklusiv Eidfjordvassdraget er tidlegare handsama med omsyn til nemnde status, men vart ikkje prioritert.

11.3 Tilhøvet til fylkeskommunale planar

Tiltaket ligg i Hordaland fylke. I september 2014 vart «Klimaplan for Hordaland 2014-2030» vedteken. Den slår mellom anna fast at fleire flaumar vil auka skadar på bygningar innbu og infrastruktur. I følgje planen bør difor investeringar med tidshorisont på over 30 år ta omsyn til venta klimaendringar som auke i nedbør og flaumvassføringar. I retningslinene heiter det at kommunane skal setja i verk tiltak som bidreg til å gjera kommunen meir førebudd på framtidig klima. Opo flaumkraftverk er utforma for å ivareta nettopp desse forholda, og er difor i tråd med klimaplanen.

Vidare fremjar «Klimaplan for Hordaland 2014-2030» produksjon av fornybar energi. Føreslått tiltak er i tråd med dette.

Vassdraget er verna og området er difor ikkje omtalt i «Fylkesdelplan for små vasskraftverk i Hordaland 2009-2021».

11.4 Tilhøvet til kommunale planar

